

MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 17.09.2013
Tid: 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 11.09.2013

Arnulf Goksøyr
ordfører

OFFENTLEG SAKLISTE:

| Saksnr | Innhold |
|-----------|--|
| PS 148/13 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| PS 149/13 | Protokoll frå førre møte |
| PS 150/13 | Delegasjonssaker |
| PS 151/13 | Referatsaker |
| PS 152/13 | Budsjett- økonomiplanrundskriv 2014-2017 |
| PS 153/13 | Budsjettkontroll per 31.07.2013 |
| PS 154/13 | Leige av garasjetomter på gnr. 34/353 |
| PS 155/13 | Kjøp av grunn frå gnr 26 bnr 25 på Leine. |
| PS 156/13 | Gnr. 60 bnr. 262 - skade på eigedom |
| PS 157/13 | Innfartsveg Fosnavåg. Grunnavtale mellom Herøy kommune og eigar av gnr 37, bnr 50. |
| PS 158/13 | Bustadar for unge funksjonshemma brukarar - prosjektrammer. |
| PS 159/13 | Grunnkjøp. Campus Fosnavåg. Delegasjonssaker frå avdelingane |
| DS 39/13 | Søknad om endra opningstider / serveringsløyve |
| DS 40/13 | Søknad om endra skjenketider |
| DS 41/13 | Kjøp av tomt gnr 12 bnr 309 |
| DS 42/13 | Kjøp av gnr 29 bnr 349 på Bergsøya Referatsaker |
| RS 31/13 | TV-aksjonen NRK Nasjonalforeningen for folkehelsen 2013 - Oppfordring til bidrag. |
| RS 32/13 | Lønsforhandlingar 2013 kap. 3 og 5 - Lønssramme |
| RS 33/13 | Budsjettkontroll per 30.06.2013 |
| RS 34/13 | FV 654 Skarabakken - Utbetnings- og trafikktryggjingsiltak. |
| RS 35/13 | Bru til Herøy gard - orientering-/drøftingssak |
| RS 36/13 | Reguleringsplan Torsethøgda - "Kalveneset"- orientering om framdroft |

PS 148/13 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 149/13 Protokoll frå førre møte

PS 150/13 Delegasjonssaker

PS 151/13 Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|-----|-------------|-----------|
| Sakshandsamar: | GEO | Arkivsaknr: | 2013/1028 |
| | | Arkiv: | 124 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|-------------|---------------|------------|
| 152/13 | Formannskapet | 17.09.2013 |

BUDSJETT- OG ØKONOMIPLANRUNDSKRIV 2014 OG 2014-2017

Tilråding:

Budsjett- og økonomiplanrundskrivet 2014 og 2014-2017 vert teken til vitande

Særutskrift:

- Avdelingane, her
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon
- Vest Kontrollutvalssekretariat

Vedlegg: Rundskriv Budsjett/økonomiplan 2014-2017

Saksopplysningar:

Rådmannen sender kvart år ut eit budsjettunderskriv som gir retningslinjer for budsjettarbeidet.

Rådmannen har førebels ikkje gitt økonomiske ramar for avdelingane for 2014. Mange faktorar tyder på at kommunen vil ha mykje mindre til fordeling på avdelingane komande år enn det som var tilfelle i 2013. Dette skuldast bl.a. bortfall av aksjeutbytte Tussa, bortfall av inntekter frå momskompensasjon investeringar og reduksjon i skatteinntektene sett i høve til budsjett 2013.

Det er framleis vanskeleg å spå både løns- og prisveksten for 2013. Lønsoppgjøret i 2014 er eit hovedoppgjør og med tanke på at lønstillegga i 2012 vart på i overkant av 5% og konjunktursituasjonen Norge er inne i er det håp om at dette vert lavare i 2014.

Kommunestyret har bede rådmannen om at budsjettet frå og med 2009 skal vedtakast på bruttonivå. Det vil seie at kommunestyret skal vedta både inntekts- og utgiftsramma til den einskilde avdeling. Dei rammene som er skissert i budsjettunderskrivet kan bli endra då det vil vere forhold ein ikkje er kjent med når rammene vert lagt.

Vurdering og konklusjon:

I rundskrivet har rådmannen lagt opp til ein liknande budsjettprosess som den ein hadde sist år.

Førebels har ein brukt KS sin sist oppdaterte prognosemodell når ein vurderer dei frie inntektene (skatt, ramme).

Dette kan vi sette opp i ein slik tabell (alle tal i 1.000 kr):

| | 2013 | 2014 | Endring |
|-----------------------------|----------------|----------------|--------------|
| Skatt | 253.200 | 245.900 | - 7.300 |
| Rammetilskott | 175.500 | 187.800 | 12.300 |
| Skjønnsstilskott | 8.700 | 8.700 | |
| | | | |
| Sum "frie" inntekter | 437.400 | 442.400 | 5.000 |

Som ein ser av tabellen ovanfor vil Herøy kommune få ein vekst i frie inntekter i 2014 basert på dei signala vi kjenner per dato. I prosent er veksten på imidlertid på beskjedne 1,14%. Grunnen til den beskjedne veksten ligg i at Herøy kommune budsjetterte med ein høg vekst i skatteinntektene i 2013 – ei prognose som dessverre ikkje slo til. Vi har difor valgt å halde oss til KS sine prognoser førebels.

Ein legg ikkje opp til at avdelingane legg inn lønsvekst i sine budsjett for 2013. Bestillinga vert å legge inn fast løn per august 2013, så legg ein inn lønsvekst sentralt når ein er kjent med prognosene for 2013.

Basert på dei føresetnadane ein har nemnt ovanfor og det ein har av opplysningar knytt til skatt, ramme, finans, momskompensasjon med meir ser det ut til at avdelingane sine

rammer vert redusert frå samla 430,7 mill kr i 2013 til 416,6 mill kr i 2014, men det kjem mest sannsynleg endringar, presieringar med meir som gjer at reduksjonen ikkje vert så stor.

Fosnavåg, 23.08.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

RUNDSKRIV

FRÅ RÅDMANNEN
Gjeld område:
Budsjett/økonomiplan 2014/2017.
Eksp.dato:

Til: Avdelingsleiarane/budsjettansvarlege/Andre

FØREBELS RUNDSKRIV - BUDSJETT 2014 OG ØKONOMIPLAN 2014 - 2017

1. INNLEIING

Reduksjon/framskriving av løpande drift

Resultatavdelingsleiarane og dei budsjettansvarlege i avdelingane skal på bakgrunn av vedteken drift og budsjetttrundskrivet lage forslag til avdelingsbudsjett for sitt ansvarsområde.

Den totale ramma i budsjett 2014 er heile **14,1million mindre** enn den totale ramma for noverande budsjett, noko som vil utfordre oss i korleis vi planlegg drifta for 2014. Dette er ei utfordring som alle avdelingane må ta inn over seg, og planlegge for. Dette fordrar eit kritisk blikk for drifta vår.

I 2013 har vi lagt føringar for at avdelingane skal levere 3% under gjeldande budsjett, og der er ei målsetting at drifta vår skal levere eit brutto driftsresultat på 3% av totalt tildelt ramme i løpet av 2 til 3 år. Dette for å skape rom for framtidige finanskostandar knytt til investeringar i realverdiar. Denne målsettings står sjølv om vi har ei trongare budsjettamme for 2014.

Budsjettet kan baserast på dagens drift, dersom ein er i stand til å levere innanfor ei mindre ramme. Med dagens driftsnivå meiner ein at den normale drifta ein har i kvar einskild avdeling vert vidareført. Alternativt må ein sette i gang effektiviserings og rasjonaliseringstiltak for 2014. Med effektiviserings- og rasjonaliseringstiltak meiner ein at ein kritisk må sjå på eksisterande organisering av drifta, og om ein kan gjere arbeidsoppgåver på andre måtar og meir kostnadsoptimalt. Det må også vurderast om samanslåing av einingar kan hente ut nødvendig rasjonaliseringsgevinst.

Tiltak som er midlertidige i 2013 skal ikkje automatisk førast vidare i 2014, men vere kommentert under «nye» tiltak i budsjett/økonomiplankommentarane.

Ein skal operere med lønn knytt til oppretta stillingsheimlar. Det vil seie at ein ikkje budsjetterer med vikarlønn og heller ikkje med sjukelønsrefusjonar.

Ekstraordinær drift

Drift utover det som er finansiert som løpande drift skal spesifiserast i kommentarane. Dette er drift knytt til mellombelse stillingar og auka aktivitet knytt til ekstraordinære situasjonar.

Dette gjeld t.d. auka aktivitet for ressurskrevjande brukarar, overbelegg på sjukeheimane, ressursar til barnevern utover det ein har hatt som normalsituasjon finansiert i dagens driftsramme, tilpassa opplæring i grunnskulen osv.

Salderingsprosess

Skatt, rammetilskott og finans har tradisjonelt blitt budsjettert særst offensivt dei siste åra, noko som også viser seg å vere gjeldande for inneverande år også. Prognosen for 2014 er slik KS tilråd i sin prognosemodell frå mai 2013.

Dersom det syner seg at dei budsjettala som vert lagt inn vert større enn samla disponibel ramme, må ein starte arbeidet med å redusere driftsnivået. Eg ber dykk difor om å vurdere tiltak for å redusere dagens driftsnivå på dei områda der konsekvensane av ein driftsreduksjon vert minst mogleg.

Tiltak for å redusere netto ramme skal grupperast etter følgjande prinsipp:

1. Auka inntekter
2. Omstilling/samanslåing av einingar.
3. Reduksjon i kvalitet og omfang på definerte tenester
4. Leggje ned tenester

Dette er utfordringa med budsjettarbeidet, og det er her vi verkeleg treng å arbeide i prosess. Vert det stort gap i balansesituasjonen, så må ein vere budd på at in må redusere rammene til enkeltavdelingar mykje for å oppretthalde primærtenestene til kommunen, samt gjere nødvendige investeringar innanfor desse primærområda. Dette vil vere ein del av prioriteringa. Alle avdelingane bør utgreie 2-4 tiltak som vil gi redusert ramme, enten knytt til auka inntekter eller reduserte utgifter. Samla bør dette utgjere minst 5% av netto ramme.

Leiarane for støttefunksjonane (personal- og organisasjonsavdeling, økonomiavdelinga) samt servicetorget og ass. rådmann (IKT, og fellessekretariatet) skal utarbeide tilsvarande forslag for sine område. Forslag skal utarbeidast på same mal, og innehalde talbudsjett og kommentar del.

Nytt budsjetteringsprogram

Økonomiavdelinga vil i årets budsjettprosess implementer ARENA budsjettprogramvare. Det vil bli gitt nødvendig opplæring i dette, og formålet er å forenkle og effektivisere budsjettprosessen – over tid.

Årsbudsjettet er ein fullstendig arbeidsplan for året.

Budsjettet skal vere ein fullstendig arbeidsplan for året. Her skal den daglege drifta takast med. Like eins skal ein her gjere greie for evt. avviklingar av eksisterande verksemder/tiltak og planlegging av nye verksemder/tiltak.

2. FORSLAG TIL STATSBUJSJETT

Forslaget til statsbudsjett for år 2014 vert lagt fram i oktober 2013.

Innhaldet i statsbudsjettet får konsekvensar for kommunen sitt budsjett.

Dersom ein brukar KS sin prognosemodell for skatt og rammetilskott for 2014 basert på deira prognoser per mai 2013 får vi eit slikt oppsett:

| | |
|------------------|------------------|
| Skatt: | 245.900.000,- kr |
| Rammetilskott *: | 196.500.000,- kr |
| <hr/> | |
| Frie inntekter: | 442.400.000,- kr |

(* ein føreset at tildeling av skjønnsmidlar vert på same nivå som tidlegare år og denne summen også inneheld midlar til samhandlingsreforma)

Veksten i skatt og ramme frå opprinneleg budsjett 2013 til prognostiserte inntekter i 2014 er om lag 5,0 mill kroner eller om lag 1,14%. Berre auken i rente- og avdragskostnadar, reduksjonen i mva komp investeringar, redusert budsjettert utbytte i Tussa AS og auke premieavvik pensjon vil overstige denne veksten med mange millionar kroner. Slik det ser ut no vil det bety at ein må ta omsyn til følgjande element for å finne den samla ramma til avdelingane i 2014:

| | |
|-------------------------|--|
| Rentekostnadar: | - 18.000.000,- kr (eks husbank og VAR området) |
| Avdrag: | - 19.500.000,- kr (minsteavdragsprinsippet) |
| Aktiv forvaltning | 4.700.000,- kr |
| Avskr., renter, mva etc | 7.000.000,- kr (inkl 3,0 mill kr i rentekomp) |
| <hr/> | |
| Totalt | - 25.800.000,- kr |

Utbytte frå Tussa har vore ustabile dei siste åra og selskapet ar meldt om dårlege prognosar for utbytte i åra som kjem. Ein har difor valgt å ikkje ta omsyn til desse inntektene i budsjett 2014.

Til bruk i drifta inkl. nye tiltak (drift og finanskostnadar) vert då kr 416.600.000,-.

3. KONSEKVENSAAR AV ØKONOMIPLANEN

Økonomiplanen for perioden 2013- 2016 vart handsama samstundes med at budsjettet for 2013 vart vedteke. Per dags dato er ikkje alle investeringstiltaka i budsjettet for 2013 gjennomført og fleire er heller ikkje oppstarta. Det gjer at ein må finansiere desse prosjekta på nytt gjennom ei budsjettendringssak til formannskap/kommunestyre hausten 2013.

Det er gjort vedtak om tiltak i 2013 som får konsekvensar for drifta i 2014 og i resten av økonomiplanperioden. Ein ber om at den einskilde avdeling skisserer kva politiske vedtak som er gjort i 2013 som har økonomiske konsekvensar for 2014 budsjettet.

Ein ber om at alle vedtak som er gjort, og som vil få verknad for budsjett 2014 og økonomiplan 2014-2017, vert kartlagt og teke med i framlegga frå resultatavdelingane.

Etter som dei økonomiske føresetnadane er endra, må investeringstiltaka i økonomiplanperioden vurderast nærare i budsjett-/økonomiplanhandsaminga. Kommunen sin økonomi tilseier at nye investeringar som fører til auka låneopptak utan å frigjere drift eller til auka inntekter bør reduserast til eit minimum.

Rammer - Bruttobudsjettering

Mange organisatoriske endringar og fleire rekneskapsmessige endringar (mva kompensasjon etc) har gjort det vanskeleg å tildele kvart einskilt ansvarsområde/avdeling egne rammer.

Dersom ein legg årets ramme i avdelingane på 430,7 mill kr til grunn og korrigerer for driftsendringar som ligg i økonomiplanen for 2014 får vi ein slik tabell:

| | Dagens (2013) netto ramme | Endringar øk plan 2014 | Tiltak |
|---|--|-----------------------------------|--------------------------------|
| Politisk leining | 4.350.000 | -300.000 | Ikkje val i 2014 |
| Adm. leining | 3.275.000 | | |
| Servicetorget | 2.775.000 | | |
| Fellessekretariatet | 2.300.000 | | |
| Økonomiavdelinga | 5.975.000 | | |
| Personal- og organisasjonsavdelinga | 8.400.000 | 90.000 | Heilårsverknad 60% stilling |
| IKT | 4.225.000 | | |
| Andre overføringar (kyrkje, revisjon etc) | 8.600.000 | | |
| Barnehageavdelinga | 56.850.000 | | |
| Skuleavdelinga | 106.450.000 | 110.000 | Valfag etc |
| Familie, Barn, helse | 32.390.000 | | |
| Pleie- og omsorgsavdelinga | 95.000.000 | | |
| Bu- og habiliteringsavdelinga | 34.700.000 | | |
| Sosial og flyktringavdeling (NAV) | 9.100.000 | 100.000 | 100% stilling |
| Kulturavdelinga | 7.300.000 | | |
| Utviklingsavdelinga | 5.600.000 | | |
| Anleggs- og driftsavdelinga | 15.110.000 | -130.000 | Kurspott brannv. |
| Eigedomsavdelinga | 15.900.000 | - 1.150.000 | Husl.+leasing |
| Samhandlingsreforma (eige "ansvar") | 12.400.000 | | |
| | | | |
| Sum | 430.700.000 | | |

Tabellen ovanfor syner at driftsnivået må ned med om lag 14,1 mill kr i høve til 2013. I tillegg til dette kjem lønsvekst, nye tiltak og rente- og avdragskostnadar på nye investeringar.

I tillegg til ovannemnde får mange av dei innsparingstiltaka (auka inntekter m.m.) som ligg i budsjett- og økonomiføringane for 2013 mest sannsynleg ikkje effekt i 2013 og kanskje heller ikkje i 2014 om ein ikkje startar prosessane no.

Ein legg opp til at avdelingane budsjetterer etter dagens driftsnivå når det gjeld løn i faste stillingar (lønsheimlane) og at dette inneheld dei føringane ein har lagt med omsyn til innhaldet og føresetnadane i dette rundskrivet. Avdelingane må kritisk gå gjennom alle driftsutgifter og driftsinntekter med sikte på innsparingar og meirinntekter. Rekneskapa for 2012 og budsjettkontroll per 01.09.2013 kan vere til hjelp for denne gjennomgangen. Deretter må ein vurdere kva nedskjeringar den einskilde avdelinga må gjennomføre. Avdelingane får difor ikkje tildelt noka ramme i denne omgang, men endeleg ramme vil verte fastsett basert på ein kritisk gjennomgang av driftsutgifter og driftsinntekter i den enkelte avdelinga.

I K-sak 59/08 vart det vedteke at budsjettet frå og med 2009 skal vere på bruttonivå. Det vil seie at både utgifts- og inntektsramma vert fastsett og vedteke i kommunestyret. Det er difor viktig at ein budsjetterer desse rettast mogleg (t.d. lik momskompensasjon både på utgifts- og inntektssida).

Nærare om rammene

Ein har valgt å legge vekt på desse faktorane for utrekning av avdelingane sine rammene:

- Avsetjing til KLP vert 16,5 % av pensjonsgrunnlaget.
- Avsetjing til KLP sjukepleieordninga vert 17,0% av pensjonsgrunnlaget
- Avsetjing til KLP tillitsvalde vert 25% av pensjonsgrunnlaget
- Avsetjing til SPK vert 12,0 % av pensjonsgrunnlaget.
- Justert rammene etter tiltak som ligg inne i driftsdelen av økonomiplanen for 2014
- Avdelingane budsjetterer ikkje med lønsvekst i 2014.

Løns- og prisveksten for 2014 er høgst usikker og eit skikkeleg anslag på nivået får ein først ved framlegginga av statsbudsjettet for 2014. Det er imidlertid slik at kostnader knytt til oppvarming/lys og VAR området aukar vesentleg meir enn andre prisar.

Når det gjeld det lokale lønsoppgjeret som skjer hausten 2013 tek vi med potten i ei eiga løyving og fordelar det ut på avdelingane ved eit seinare høve. De skal altså ikkje ta omsyn til lønsvekst lokale forhandlingar i dykkar budsjettoppsett.

Vi kjenner ikkje heilt til kva prosentsatsar vi skal bruke når det gjeld pensjonstrekket til KLP og SPK. Vi har førebels sett inn 16,5 % / 17,0% på KLP og 12,0% på SPK (arbeidsgjevar sin del). Dette vil ein endre sentralt når ein får opplysningar om kva satsar som skal nyttast.

Hugs at det skal svarast arbeidsgjevaravgift også av pensjonsutgiftene.

(Dersom ikkje dei oppgitte rammene til den einskilde avdeling ikkje er store nok til å halde fram dagens drift må ein i prioritert rekkefølje gjere greie for dei tiltaka som vert tilrådd sett i verk for å klare å halde tildelt ramme).

Her kan det vere snakk om reine kutt, nye inntekter, omstilling, nye måtar å drive på, samarbeid på tvers (mellom avdelingar), bruk av støtteordningar og tilskott osv.

Målsetjinga må vere å gjere situasjonen best mogleg med minst mogleg konsekvens for brukarane.

Planlegging av nye tiltak

Nye tiltak som ein ynskjer å ha med i budsjett 2014 og/eller økonomiplanen for 2014 - 2017 skal planleggjast i god tid, slik at dei er fullstendig utgreidde til handsaminga av årsbudsjett/økonomiplan. Dei skal framstillast slik at samla økonomiske konsekvensar av tiltaket går klårt fram. Det er særst viktig å få fram økonomiske konsekvensane ved alt som vert sett i gang i tida som kjem. Forslag som ikkje er tilstrekkeleg utgreidd vert ikkje rekna som prioritert. Eit enklare alternativ er at ein nyttar det materialet som vart lagt fram til arbeidet med økonomiplanen.

Den økonomiske situasjonen for kommunen gjer at svært få tiltak, som ikkje er sjølvfinansierande, kan bli realisert. Ein ber difor om realisme kring dette. Det vert forventat at avdelingane utviser kreativitet og prøver å finne rom for nødvendige tiltak innanfor eiga ramme eller i samarbeid med andre. Det er no nødvendig å gjere omprioriteringar an andre driftsendringar for å balansere dagens drift før ein kan tenkje på nye tiltak.

4. OM BUDSJETTPROSESSEN

Tiltak

Framstilling av råbudsjettet, og framskrivning av pris- og lønveksten skjer sentralt på bakgrunn av opprinneleg budsjett 2013. Avdelingsleiarane syter for ajourføring av endringar i 2013 budsjettet (basert på t.d. nye politiske vedtak) samt kommentardelen.

Oppsummering/konsolidering av råbudsjetten. Utforming av eit heilskapeleg budsjett. Rådmann har ansvaret. Budsjettet vil verte drøfta i leiargruppa og formannskapet undervegs.

Politisk drøfting/samling

- råbudsjetten
- rammer i statsbudsjettet
- utfordringar og saldering/prioritering

Parallelt med budsjettarbeidet skal avdelingsleiarane førebu enkeltsaker om endringar i avgifter og betalingssatsar for politisk handsaming. Dersom det vert foreslått endringar i føresegnar må det takast omsyn til dette i førebuinga (jmf. forvaltningslova).

5. FRAMSTILLINGSMÅTE - DOKUMENTASJON

Budsjettdokumentet vert utforma med etatane sine utdjupa kommentarar og grunngjevingar i eit eige vedleggshefte. Rådmannen legg fram ein eigen mal på dette innan utgangen av juli.

Avdelingane skal bl.a. skissere:

- vedleggshefte med avdelingsforslag
- lovendringar, oppgåveendringar og endringar i målgruppene
- utfordringar og overordna vurderingar
- konsekvenser av vidareføring av verksemda
- konsekvensar ved omstilling, standardreduksjon, nedlegging av tenester
- forslag til endringar og nye tiltak
- kommentarar til drift og kapital

Avdelingsleiarane/dei budsjettansvarlege skal i sine budsjettforslag vise nye heimlar som vert foreslått oppretta.

Det er ikkje rom for "nye stillingsheimlar". "Nye stillingsheimlar" må i prinsippet dekkjast ved omdisponering av stillingsheimlar på tvers av avdelingsgrensene.

Avdelingane skal leggje lage ein spesifikasjon med oversikt over kor mange stillingar det er i avdelinga, fordelt på:

- faste stillingar
- mellombelse stillingar (med oversikt over engasjement/vikarperiode)
- totalt tal på stillingsprosentar (fordelt på faste stillingar, variable stillingar og summert.

Budsjettering av løn (fast, variabel og alle tillegg) skal nøye utreknast og kvalitetssikrast av avdelinga og personalavdelinga (opp i mot det framskrevne budsjettet).

Hugs å bruke årsrapporten for 2012 samt tilgjengelege KOSTRA tal i arbeidet.

I tillegg kjem nokre særlege tilhøve som vil verte lagt vekt på i arbeidet med budsjettet og som avdelingane må vere merksame på:

- budsjettering av sjukepengar (skal ikkje budsjetterast – heller ikkje vikarutgifter ut over arbeidsgjevarperioden)
- budsjettering og fordeling/bruk av opplæringsmidlar
- mva kompensasjon

Avdelingane må i budsjettarbeidet gjere spesielt greie for inntektssida.

ØKONOMIPLANEN 2014-2017

Økonomiplanen for perioden 2014 - 2017 skal også handsamast i desember 2013.

Ein ber spesielt om at de utgreier eventuelle nye tiltak på drifts- og investeringssida. Det vert særskilt presisert at det ikkje er rom for nye tiltak utan at det vert gjort driftsomleggingar, omprioriteringar og eller kutt i tenester.

ARBEIDSPLAN

Budsjettet for år 2014 og økonomiplanen for 2014-2017 må utformast og presenterast etter slik framdriftsplan:

| TID/FRIST | OPPGÅVE | ANSVAR |
|------------|--|--|
| September | Informasjon til /drøftingar med arbeidstakarorganisasjonane | Rådmann |
| September | Drøftingar i leiargruppa | Rådmann |
| 20.09.2014 | Avdelingane utarbeider sine budsjett i Agresso | Avdelingsleiarane/ Budsjettansvarlege |
| | Økonomiavdelinga syter for kopiering av budsjett 2013 Til budsjett 2014 utan pris/lønsvekst. | |
| 18.10.2014 | Utforming av heilskapeleg budsjettframlegg og framlegg til økonomiplan 2014 - 2017 - fullstendige budsjettkommentarar vert utforma - vedleggsheftet (budsjettkommentarane) vert opptrykte - rapportar og detaljbudsjett vert skrive ut (same prosedyre vert gjort for økonomiplanen) | øk.leiar/rådm. |
| Okt/nov | Formannskapet handsamar budsjett og økonomiplan og kjem med tilråding til kommunestyret. | formannskapet |
| 19.11.2014 | Formannskapet vedtek tilrådinga til kommunestyret (kan ha eit ekstra formannskapsmøte seinast 26.11.2013) | |
| 28.11.2014 | Budsjett og økonomiplan vert lagt ut til offentleg ettersyn (annonse i Vestlandsnytt) | økonomileiar |
| 12.12.2014 | Kommunestyret handsamar budsjett og økonomiplan. | kommunestyret |

(Formannskapet har høve til handsaming i fleire møte fram til innstillingsmøtet)

Ein tek atterhald om at statsbudsjettet for år 2014 kan medføre endringar i rammer og opplegg for det vidare arbeidet. Ein ber om at de alle prøver å sette dykk inn i det materialet kommunen får tilsendt i samband med budsjettarbeidet (t.d. "Grønt hefte") når det måtte ligge føre.

Dette rundskrivet vert også sendt til Kyrkja som føringar for deira ramme frå kommunen for perioden 2014 - 2017. Rundskrivet vert lagt fram som orienteringssak for formannskapet i september 2013. Når det gjeld prosessane omkring budsjett- og økonomiplanarbeidet vert det synt til arbeidsplanen.

Lukke til i arbeidet.

Spørsmål kan rettast til økonomileiar og/eller rådmannen.

rádmann

økonomileiar



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|-----|-------------|-----------|
| Sakshandsamar: | GEO | Arkivsaknr: | 2012/1014 |
| | | Arkiv: | 210 |

| | | |
|--------------------|---------------|-----------------|
| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
| 153/13 | Formannskapet | 17.09.2013 |

BUDSJETTKONTROLL PER 31.07.2013

Tilråding:

Budsjettkontrollen per 31.07.2013 vert teken til vitande.

Særutskrift:

- Avdelingane, her
- Søre Sunnmøre kommunerevisjon, her
- Vest kontrollutvalssekretariat

Vedlegg:

- [Budsjettkommentarer frå avdelingane](#)

Saksopplysningar:

Målet med budsjettkontrollane er at dei stadig skal bli betre og syne at kommunen har god kontroll både på inntekts- og utgiftssida og kan varsle avvik så snart dei oppstår. På den måten vil politikarar og administrasjon få ei god oversikt over dagens drift og kva resultat denne drifta har å seie på rekneskapsresultatet ved utgangen av året.

Lønn er den viktigaste og største posten i rekneskapen. Den er vanlegvis meir å jour enn enn dei andre utgifts- og inntektspostane. Til orientering kan ein nemne at ein til ei kvar tid har mellom 50 og 100 fakturaer som ligg i avdelingane for kontering og tilvising. Desse er ikkje med i grunnlaget budsjettkontrollen er bygd på.

1. Tabell som syner situasjonen slik den einskilde leiar skildrar

I denne tabellen tek ein for seg rekneskapen per 31.07.2013 og samanliknar dette med budsjettet for 2013.

Netttotal i 1000 kr.

| Avdeling/område | Rekneskap per 31.07.2013 | Rev budsjett 2013 | Forbruk i % | Meldt avvik | Rekneskap per 31.12.13 |
|--------------------------|---------------------------------|--------------------------|--------------------|--------------------|-------------------------------|
| Folkevalde | 2.464 | 4.350 | 56,6 | | 4.350 |
| Adm. Leining | 1.907 | 3.275 | 58,2 | | 3.275 |
| Servicetorget | 1.323 | 2.775 | 47,7 | | 2.775 |
| Fellessekretariatet | 1.483 | 2.300 | 64,5 | 100 | 2.400 |
| Økonomiavdelinga | 3.195 | 5.975 | 53,5 | | 5.975 |
| Pers- og org. Avd. | 5.366 | 8.400 | 63,9 | | 8.400 |
| IKT | 1.236 | 4.225 | 29,3 | | 4.225 |
| Overføringar | 5.055 | 8.600 | 58,8 | | 8.600 |
| Barnehagar | 40.565 | 56.850 | 71,4 | | 56.850 |
| Grunnskular m.m | 55.843 | 106.220 | 52,6 | | 106.218 |
| Barn, familie og helse | 18.931 | 32.390 | 58,4 | 450 | 32.840 |
| Pleie- og omsorg | 52.976 | 95.000 | 55,8 | | 95.000 |
| Bu- og habilitering | 17.721 | 34.700 | 51,1 | | 34.700 |
| Barnevern | | | | | |
| Sosial og flyktning | 6.080 | 9.100 | 66,8 | 950 | 10.050 |
| Kulturavdelinga | 4.506 | 7.530 | 59,8 | | 7.532 |
| Utviklingsavdeling | 2.326 | 5.600 | 41,5 | | 5.600 |
| Anlegg og drift | 13.509 | 15.110 | 89,4 | | 15.110 |
| Eigedomsavd. | 7.826 | 15.900 | 49,2 | | 15.900 |
| Samhandlingsreforma | 7.293 | 12.400 | 58,8 | | 12.400 |
| Skatt, ramme, fin. | -291.856 | -430.700 | 67,8 | 12.900 | - 417.800 |
| Sum (meirforbruk) | | | | | 14.400 |

(normalt forbruk etter 7 mnd bør ligge på mellom 54 og 55%.

Ein ligg på etterskot med mange utgifts- og inntektspostar. Store delar av rente- og avdragskostnadane vert først betalt og utgiftsført i desember. Også evt pensjonsavvik, opp-/nedskriving av aksjar og obligasjonar, rentekompensasjon frå staten etc vert først kjent og ført etter nyttår. Det same blir det eksakte øyremerka

tilskotet for ressurskrevjande brukarar. For sistnemnde post fører vi i dag 1/12 av det budsjetterte tilskottet som inntekt kvar mnd.

Pr 31.07.2013 har vi ført 4 av dei 6 oppgjersmånadane for skatt, slik at vi har fått inn om lag 63% av det vitrur blir kommunens skatteinntekter for 2013.

2. Usikre punkt

1. Barnehageavdelinga. Avviket skuldast at kommunalt tilskot til private barnehagar er utbetalt for ni månader. Periodiseringa gir då eit litt skeivt bilete, men det kan vere ein fare for at netto kostnadane blir høgare enn budsjettert dette året. Ei fullstendig oversikt her har ein ikkje før Herøy kommune sin rekneskap for 2013 er kjent.
2. Avdeling for Barn, Familie og Helse. Her vil det nok bli ein sprekk på det som gjeld Herøy legesenter då kommunestyret i Budsjetthandsaminga gjorde ei budsjettkorrigering som auka kostnadane i avdelinga med nær 0,5 mill kr. Ein ser ikkje vekk frå at meirforbruket vil bli endå litt høgare.
3. Pleie- og omsorgsavdeinga melder om fullt belegg og til dels overbelegg, samt at mange heimebuande treng meir tid til hjelp og oppfølging etter at Samhandlingsreforma vart innført. Dette har ført til at samla lønskostnadar er noko høgare enn budsjettert. Hittil ligg ein litt betre an enn ein gjorde i 2012 (om lag kr 400.000,- pr 31.07.2013) då meirforbruket i avdelinga vart 2,4 kr.
4. Bu- og habiliteringsavdelinga. Her kan ein få eit positivt budsjettavvik då budsjettert øyremerka statstilskott for ressurskrevjande brukarar er noko er budsjettert lavare enn i 2013 enn det reelle tilskotet fekk/får i 2012.
5. Sosial/Flyktning. Utgiftene til sosialhjelp er høgare enn budsjettert. Sjølv om ein set i verk tiltak for å få desse redusert framover vil det mest truleg bli eit meirforbruk her i 2013 – kanskje opp mot 1,0 mill kr.
6. Det er også slik at avdelinga etter kvart kan få auka refusjonskrav frå andre kommunar i og med at sjukehusa har lagt ned/ redusert omfanget på 2. linetenester som t.d. rus og psykiatri og overlatt ansvaret til kommunane.
7. Vi var optimistiske då vi budsjetterte skatteinntektene for 2013. Per 31.07.2013 er dei faktiske inntektene på dette området om lag 11,5 mill lavare enn budsjettert. Dette klarer ein ikkje å ta att på årets 5 siste månader. Mest truleg vil skatteinntektene bli mellom 11,0 og 13,0 mill lavare enn budsjettert noko som i sin tur medfører auka rammetilskott på mellom 6,6 og 7,8 mill kr. Det vil gi ein manko i budsjettet for 2013 på mellom 4,4 og 5,2 mill kr. Vi kan kome litt heldigare ut om skatteveksten på landsbasis blir høgare enn regjeringa har forutsett i statsbudsjettet for 2013.
8. Vi får svikt i inntektene frå Tussa AS (aksjeutbytte) på 5,6 mill kr og kanskje også på momskompensasjon investeringar (1,5 mill kr).
9. Pensjonsoppgjera er også usikre. Vi har budsjettert med eit stort positivt pensjonsavvik. Om dette ikkje slår til etter forventningar og prognoser vil budsjettunderskotet bli endå høgare.

Basert på dei tala som ligg føre og dei prognosene ein har fått frå avdelinga han det tyde på meirforbruk/mindreinntekter i 2013 på om lag 15,0 mill kr.

Det positive er at eit par tre avdelingar vil kunne oppnå mindreforbruk i 2013 og såleis redusere dette gapet noko.

4. Rådmannen sine kommentarar

Hittil ser det ut til at skatteinntektene ikkje vil kome på det nivået vi har budsjettert med for 2013. I tillegg kan det vere at avdeling for Barn, Familie og Helse, Sosial og flyktning (NAV)

og Pleie- og omsorgsavdelinga har for lita ramme i høve til det den skal ha for å halde fram dagens drift.

Vi har prøvd å tilpasse rammene til den einsskilte avdeling etter deira ynskjer kombinert med dei midlane vi har til rådvelde. Likevel er det klart at avdelingane sine behov på mange områder er større enn det budsjettet gjev opning for. Arbeidspresset er aukande bl.a. på grunn av endra regelverk, nye og utvida oppgåver og større etterspurnad frå publikum.

Kommunen sine ulike disposisjonsfond er på om lag 15,3 mill kr og gjennom budsjettdisponeringar for 2013 på i alt om lag 2,8 mill kr vil dei bli om lag 12,5 mill kr. Dersom ein ikkje klarer å minske kostnadane og auke inntektene framover mot årsskiftet vil kommunen stå utan driftsfond i 2014. Skjer det blir kommunen ytterst sårbar og då kan eit underskott i 2014 gjere at kommunen kjem i ROBEEK registeret noko som vil redusere kommunen sin handlefridom kraftig i åra som kjem.

5. Om avvika kan dekkast inn

Det er utfordrande å dekkje inn avvik i avdelingar som driv rettighetsstyrte tenester, der nivået på tenestene frå før er dimensjonert til minimumsstandard etter lova.

Det er også ei utfordring at tiltak som får effekt på drifta føreset langsiktig planlegging og verknadane kan først godskrivas etter ein lang tidshorisont.

Herøy kommune må kontinuerleg jobbe med tiltak som ikkje får konsekvensar for drifta og tenestene. I revidert nasjonalbudsjett har regjeringa knytt forventingar til effekt av lågare sjukefråvær og reduksjon i energikostnadane ved ENØK-tiltak. Arbeidet med sjukefråveret er komplisert og involverer arbeidstakaren sjølv, arbeidsgjevar, legen og NAV.

Staten har framleis ein strategi på å innlemme tidlegare øyremerka tilskott i rammetilskottet. Sist galdt dette finansieringa av barnehagesektoren. Samstundes endrar ein vilkåra slik at det ikkje blir kompensert for eventuelle meirkostnadar/mindreinntekter slik det har blitt gjort før. Det vil seie at staten får kontroll med sine kostnadar, medan kommunane igjen får all risiko.

Samhandlingsreforma har no virka i 19 månader. Tilsynelatande såg det ut til at overføringane Herøy kommune fekk i 2012 og 2013 var stor nok til å betale rekningane frå Helse Midt/Helse Møre og Romsdal. Det er for så vidt rett, men meirkostnadane og meirarbeidet Herøy kommune har hatt med å ta inn «ferdigbehandla» pasientar innan tidsfristen og gitt desse pasientane god nok hjelp er ikkje med i dette reknestykket. Vi ser at tilbodet til Helseforetaket når det gjeld 2 linetenestene blir bygt ned og kommunane (i tillegg til pasientane) er dei som kjem dårleg ut av denne endringa.

Momskompensasjonsordninga for investeringar er endra. Før kunne alt av inntekter frå dette førast i drifta. I år skal 80% førast i investeringsrekneskapen og 20% i driftsrekneskapen. Her strammar staten inn kommunesektoren sine driftsinntekter. Med 10,0 mill i momskomp årleg vil Herøy kommune få redusert sine driftsinntekter i 2012 med om lag 8,0 mill kr. Som både Finansdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet har innrømt fører dette til ei innstramming for kommunesektoren på kort og mellomlag sikt. Tilførselen av midlar til sektoren vert imidlertid uforandra (det meste ført som inntekter i investeringsrekneskapen). Endå ei endring der staten sparar pengar og kommunane taper pengar.

Tabellar som syner stoda per dato samanlikna med tilsvarande periode i 2012

| Område | Rekneskap per 31.07.2013 | Rev budsjett 2013 | Rekneskap per 31.07.2012 | Rev. Budsjett 2012 | Avvik rekneskap i kr |
|-----------------------|--------------------------|-------------------|--------------------------|--------------------|----------------------|
| Folkevalde | 2.464 | 4.350 | 2.707 | 3.630 | - 243 |
| Administrativ leing | 1.907 | 3.275 | 1.932 | 2.765 | - 25 |
| Servicetorget | 1.323 | 2.775 | 1.312 | 2.785 | 11 |
| Fellessekretariatet | 1.483 | 2.300 | 1.422 | 2.245 | 61 |
| Økonomiavdelinga | 3.195 | 5.975 | 3.184 | 5.685 | 11 |
| Personal- og org. | 5.366 | 8.400 | 5.287 | 8.045 | 79 |
| IKT | 1.236 | 4.225 | 802 | 4.465 | 434 |
| Overføringar | 5.055 | 8.600 | 4.715 | 8.400 | 340 |
| Barnehagar | 40.565 | 56.850 | 37.535 | 56.520 | 3.030 |
| Grunnskular m.m | 55.843 | 106.220 | 54.575 | 99.875 | 1.268 |
| Barn,familie og helse | 18.931 | 32.390 | 17.800 | 31.065 | 1.131 |
| Pleie- og omsorg | 52.976 | 95.000 | 46.998 | 86.400 | 5.978 |
| Bu- og habilitering | 17.721 | 34.700 | 17.422 | 32.600 | 299 |
| Barnevern | | | | | |
| Sosial og flyktning | 6.080 | 9.100 | 6.122 | 8.045 | -42 |
| Kulturavdelinga | 4.506 | 7.530 | 4.130 | 6.830 | 376 |
| Utviklingsavdeling | 2.326 | 5.600 | 2.511 | 5.360 | -185 |
| Anlegg og drift | 13.509 | 15.110 | 8.720 | 13.185 | 4.789 |
| Eigedomsavd. | 7.826 | 15.900 | 9.031 | 15.300 | -1.205 |
| Samhandlingsref. | 7.293 | 12.400 | 7.648 | 11.968 | -355 |
| Skatt, ramme, fin. | -291.856 | -430.700 | 279.313 | - 405.168 | -12.543 |
| Sum | | | | | 3.209 |

Av tabellen ser ein at det er store ulikskapar mellom rekneskap 2013 og rekneskap 2012 per 31.07 på eit par tre av avdelingane. Dette kan skuldast ulik periodisering i høve til når inntekter og utgifter er ført dei ulike åra.

(Alle tal i heile 1.000)

| | Rekneskap per 31.07.2013 | Budsjett 2013 | Forbruk i % |
|---|--------------------------|------------------|--------------|
| Lønn inkl sosiale utgifter | 200.653 | 365.483 | 54,90 |
| Kjøp av varer og tenester | 39.891 | 66.313 | 60,15 |
| Kjøp av varer og tenester som erstattar komm eigenprod. | 50.880 | 63.320 | 80,35 |
| Overføring til andre | 73.902 | 61.004 | 121,14 |
| Finansieringsutgifter | 26.887 | 36.879 | 72,90 |
| Sum utgifter | 392.213 | 619.343 | 63,32 |
| Salsinntekter | - 33.557 | - 65.332 | 51,36 |
| Refusjonar | - 23.069 | - 36.291 | 63,56 |
| Overføringar frå andre | - 336.220 | - 455.282 | 73,84 |
| Finansieringsinntekter | - 41.617 | - 62.438 | 66,65 |
| Sum inntekter | - 434.463 | - 619.343 | 70,14 |
| Netto | - 42.250 | | |

Vi ser ikkje ut til å få sprekk i det som gjeld lønn og sosiale kostnader i 2013 (om vi tek med refusjon sjukeløn).

Avkastninga på Oslo Børs er noko høgare enn budsjettert og kan gi oss ei meirinntekt om ikkje børsen snur siste tertial.

Skatteinntektene er som nemnt 11,5 mill kr lavare enn budsjettert per 31.07.2013 og det er ikkje grunn til å tru at dette kan snuast. Vi skal vel vere glade om vi får skatteinntekter tilsvarande det budsjetterte resten av året. I tillegg veit vi at utbyttet frå Tussa dette året vart minimalt og at det gir oss ein inntektssprekk på 5,6 mill kr.

Vurdering og konklusjon:

I 2013 må vi konstatere svikt på fleire inntektspostar. Skatt/ramme vil bli mellom 4,0 og 5,0 mindre enn budsjettert, utbyttet frå Tussa blir 5,6 mill lavare enn budsjettert og momskompensasjon investeringar vil tilføre drifta minst 1,5 mill kr mindre enn rekna med. Tilsaman utgjer dette mellom 11,1 og 12,1 mill kroner.

Samla sett er det ikkje sikkert vi får så store overskridingar i drifta (områda). Då er det å håpe at finansinntektene vert høgare enn budsjettert og kanskje også at finansutgiftene vert lavare enn budsjettert slik at vi kan klare å hente inn litt av det meirforbruket Herøy kommune vil få i 2013.

Fosnavåg, 02.09.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

| Rapporteringstre | Avvik hiå (kr) | Årsbusjett | Sentral vurdering | Status | |
|--|----------------|---------------|-------------------|-----------------------|----------|
| 10 Folkevalde | Akseptabelt | 67 | 4 350 | Godkjent | |
| 1001 Folkevalde | Akseptabelt | 67 | 4 350 | Akseptabelt | Godkjent |
| 12 Administrativ leining | Akseptabelt | -96 | 3 275 | Godkjent | |
| 1201 Administrativ leining | Akseptabelt | -96 | 3 275 | Akseptabelt | Godkjent |
| 13 Servicetorget | Akseptabelt | 194 | 2 775 | Godkjent | |
| 1202 Servicetorget | Akseptabelt | 194 | 2 775 | Akseptabelt | Godkjent |
| 14 Fellessekretariatet | Akseptabelt | -191 | 2 300 | Godkjent | |
| 1203 Fellessekretariatet | Akseptabelt | -191 | 2 300 | Akseptabelt | Godkjent |
| 15 Økonomiavdeling | Akseptabelt | 108 | 5 975 | Godkjent | |
| 1204 Økonomiavdelinga | Akseptabelt | 108 | 5 975 | Akseptabelt | Godkjent |
| 16 Personal- og organisasjonsavdelinga | Akseptabelt | -645 | 8 400 | Godkjent | |
| 1205 Personal- og organisasjonsavdelinga | Akseptabelt | -645 | 8 400 | Akseptabelt | Godkjent |
| 17 Informasjonsteknologi | Akseptabelt | 1 148 | 4 225 | Godkjent | |
| 1206 IKT | Akseptabelt | 1 148 | 4 225 | Akseptabelt | Godkjent |
| 18 Overføringer | Akseptabelt | 17 035 | 8 600 | Godkjent | |
| 1207 Overføringer til andre | Akseptabelt | 17 035 | 8 600 | Akseptabelt | Godkjent |
| 21 Barnehagar | Akseptabelt | -7 920 | 56 850 | Godkjent | |
| 2101 Barnehagar | Akseptabelt | -7 920 | 56 850 | Akseptabelt | Godkjent |
| 22 Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m. | Akseptabelt | 2 692 | 106 218 | Godkjent | |
| 2201 Grunnskule | Akseptabelt | 2 692 | 106 218 | Positivt avvik | Godkjent |
| 31 Barn, familie og helse | Akseptabelt | -711 | 32 390 | Godkjent | |
| 3101 Helseavdelinga | Akseptabelt | -1 127 | 21 020 | Alvorlig avvik | Godkjent |
| 3102 Barnevernstenesta | Akseptabelt | 416 | 11 370 | Akseptabelt | Godkjent |
| 32 Pleie og omsorgsavdelinga | Akseptabelt | -151 | 95 000 | Godkjent | |
| 3201 Administrasjon pleie og omsorg | Akseptabelt | 1 025 | 5 865 | Akseptabelt | Godkjent |
| 3202 Heimetenester | Akseptabelt | 316 | 18 539 | Akseptabelt | Godkjent |
| 3204 Herøy sjukeheim | Akseptabelt | -342 | 43 274 | Akseptabelt | Godkjent |
| 3205 Myrvåg sjukeheim | Akseptabelt | -1 150 | 27 322 | Alvorlig avvik | Godkjent |
| 33 Bu- og habiliteringsavdelinga | Akseptabelt | 1 506 | 34 700 | Godkjent | |
| 3301 Bu- og habiliteringsavdeling | Akseptabelt | 934 | 2 607 | Akseptabelt | Godkjent |
| 3306 Dagtilbod | Akseptabelt | 430 | 7 402 | Akseptabelt | Godkjent |
| 3307 Butilbod | Akseptabelt | 142 | 24 690 | Akseptabelt | Godkjent |
| 38 Sosial og flyktning | Akseptabelt | -954 | 9 100 | Godkjent | |
| 3801 Sosial og flyktning | Akseptabelt | -954 | 9 100 | Alvorlig avvik | Godkjent |
| 40 Kulturavdelinga | Akseptabelt | -348 | 7 532 | Godkjent | |
| 4001 Kulturkontoret | Akseptabelt | -348 | 7 532 | Akseptabelt | Godkjent |
| 50 Utviklingsavdelinga | Akseptabelt | 803 | 5 600 | Godkjent | |
| 5001 Utviklingsavdelinga | Akseptabelt | 803 | 5 600 | Positivt avvik | Godkjent |
| 51 Anleggs- og driftsavdelinga | Akseptabelt | -5 123 | 15 110 | Godkjent | |
| 5101 Anlegg- og driftsavdelinga | Akseptabelt | -5 123 | 15 110 | Akseptabelt | Godkjent |
| 60 Egedomsavdelinga | Akseptabelt | 909 | 15 900 | Godkjent | |
| 6001 Egedomsavdelinga | Akseptabelt | -367 | 2 600 | Akseptabelt | Godkjent |
| 6003 Reinhald | Akseptabelt | 1 276 | 13 300 | Akseptabelt | Godkjent |
| 70 Samhandlingsreforma | Akseptabelt | -60 | 12 400 | Godkjent | |
| 7001 Samhandlingsreforma | Akseptabelt | -60 | 12 400 | Akseptabelt | Godkjent |
| 90 Skatt, ramme, finans, tilskot | Akseptabelt | 11 240 | -430 700 | Godkjent | |
| 9001 Skatt, ramme, finans, tilskot etc. | Akseptabelt | 11 240 | -430 700 | Alvorlig avvik | Godkjent |
| Sum | | 19 487 | 0 | | |

Kommentar fra Rådmann

I rekneskape er det ein del faresignal ein må ta alvorleg. Skatt, ram...

I rekneskape er det ein del faresignal ein må ta alvorleg. Skatt, ramme, finans, momskompensasjon investeringar kan føre til mindreinntekter i høve til budsjett med omlag 12-13 mill kroner. I tillegg her kjem usikkerheit omkring premieavvik etc for 2013. På driftssida ser det ut til at utfordringane per dato ligg hjå avdelingar som Barn, Familie og Helse, NAV (sosial og flyktning) og kanskje også Pleie- og omsorgsavdelinga og barnehageavdelinga. På plussida kan ein nemne Grunnskuleavdelinga og Utviklingsavdelinga som rapporterer om mindreforbruk per 31.07.2013 Neste rapportering (31.08.2013) er det tertialrapportering som også skal handsamast i kommunestyret og avdelingane vil bli utfordra på å talfeste meir- eller mindreforbruket som dei ser for seg per 31.12.2013.

Folkevalde

Det er ikkje grunn til å tru at det vert eit vesentleg meirforbruk på dette ansvaret i 2013-

Administrativ leing

Det er ikkje grunn til å tru at det skal verte eit vesentleg meirforbruk på dette ansvaret. Avviket så langt skuldast m.a. at det ikkje er laga budsjett for ansvar 1223 Bulyst og ansvar 1225 Likestilte kommunar.

Servicetorget

ST har positivt resultat både på inntekt og utgiftssida. På utgiftssida mangler ein større fakturaer vedkomande telefoni. I tillegg vert det ein del aktivitet knytt til kurs i haust. Langtidsfråvær ved avdelinga vil i tillegg gi ekstra lønsutgifter. Når det gjeld inntekter vert utgifter knytt til sjukefråvær refundert. Andre inntekter er knytt til omsetting av eigedomar i Herøy. Det er ikkje forventa avvik i 2013, men det positive avviket vil verte mindre enn det er pr. d.d.

Fellessekretariatet

Det ser ut som om det kan verte eit lite meirforbruk på dette ansvaret i 2013.

Økonomiavdeling

For første gong på fleire år ser det ut til at vi kjem ut med eit lite meirforbruk dette året. Rådmannen har gitt beskjed til avdelingane om at dei i 2013 skal bruke berre 97% av tildelt ramme. For økonomiavdelinga utgjør dette omlag kr 180.000,-.

Grunnen til meirforbruk er stort sett knytt til konsulentkostnader i samband med innføring av elektronisk fakturahandsaming. Staten har bestemt at alle statlege og kommunale organ skal kunne tilby dette både overfor kundar og leverandørar.

I beste fall kjem avdelinga ut med eit resultat på kr 0,-.

Personal- og organisasjonsavdelinga

Avviket skuldast manglande periodisering på utgifter, omlag 650' samt manglande periodisering på inntekter omlag 250'.

Informasjonsteknologi

Det er ikkje grunn til å tru at det askal verte eit vesentleg meirforbruk på dette ansvaret i 2013.

Overføringer

Omlag 16,2 mill for høge utgiftet på dette området. Grunnen er at det ikkje er samsvar mellom innbetalingar og utbetalinga som gjeld RDA midlar og midlar til/frå Næringsfondet.

Elles ser dette området normalt ut og ein trur ikkje det vert overskridingar her.

Barnehagar

Avviket skuldast at det har blitt utbetalt kommunalt tilskot til private barnehagar for tre månader i juli. Juli månad er betalingsfri for foreldrebetaling, periodiseringa for både foreldrebetaling og kommunalt tilskot blir difor feil. Det er vanskeleg å vite om barnehageavdelinga vil kunne halde budsjetttramma. Ein vil lettare sjå det på slutten av året når siste kvartal kommunalt tilskot er utbetalt til private barnehagar. Prosentsatsen av kommunale kostnader private barnehagar skal ha er auka frå 92 til 96% frå august 2013.

Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.

Månadsrapporten for skuleavdelinga viser eit positivt avvik på 2,6 mill pr.31.juli. Vi har brukt 1,3 mill mindre, og hatt inntekter på 1,3 mill meir.

Mindreforbruk utgifter: Vi har rett nok brukt noko mindre i lønn enn budsjettet, men hovudårsaka til mindreforbruket er relatert til ekstra løyving til ulike tiltak på budsjett 2013, ført samla som variable tillegg på konto 10109. Her ligg m.a. ekstra løyvingar til valfag og til kulturskuletimen i grunnskulen samt til avdelinga sin samla lønsvekst for 2013. Vi har ikkje nødvendigvis køyrt for stramt på desse tiltaka, men har hatt ei generell stram økonomistyring over heile linja. Ekstra løyving på samlekonto har dermed ikkje blitt splitta ut på andre kontoar endå. Vi følgjer nøye med no når eit skuleår startar, om vi kanskje må bruke noko meir for å sikre forsvarlege lærings- og arbeidsmiljø. Løyvinga til valfag på 9.trinn vert dessutan ikkje teken i bruk før frå august.

Kjøp av varer og tenester ligg nesten 900' under budsjett pr. juli, men innkjøp for hausten 2013 vert i hovudsak fakturert på august.

Meirinntekter: Dette gjeld fleire mindre postar, så som: Refusjon sjukelønn, refusjon frå andre kommunar for barn som får opplæring her, tilskot frå NAV på tilsette med tiltak, øyremerka statstilskot til to pedagogiske satsingar, norskopplæring til vaksne minoritetsspråklege utan rett og plikt (eigenbetaling)

Prognose: Sjølv om det vert ekstra tiltak og ekstra kostnader jfr. nye elevar og nye behov utover hausten, har vi tru på at vi vil "lande" budsjettåret godt innanfor rammene.

Barn, familie og helse

Helsetenestene viser eit større meirforbruk per juli 2013. Dette har sin årsak særleg i utstrakt bruk av vikarar ved Herøy legesenter og auka betaling til NPE i 2013 som det ikkje var mogleg å budsjettere med. Det er ikkje noko vesentleg nytt i forhold til det som tidlegare er meldt, men det er riktig å framhalde at situasjonen med vikarbruk fortsatt er utfordrande. Det var ikkje budsjettet med innleige av vikarar ved legesenteret. Når det gjeld den øvrige helsetenesta er den i det alt vesentlege i henhold til budsjett. Forventa meirforbruk har vore varsla heil sida mars månad.

Forbruket pr. 30.06.13, viser at vi innan dei ulike tenestene, 244,251,252, held oss innan tildelt ramme. Vi har ungdomar på ettervern som krev ekstra utgifter med etablering og oppfølging. Vi har hatt ekstra utgifter på sakkunnige oppdrag. Slike oppdrag vert iverksett for grundig avklaring av omsorgssituasjonen for barn. Vi har fleire omfattande saker der barn kan bli plassert utanfor heimen. Det vil vi kome attende til om det vert aktuelt. Vi skal ha opplæring i scanning av dokument i dataprogrammet Familia og vi treng kursing i Familia. Det vil medføre ekstra kostnada, men som er viktig å få gjort. Kostnadane blir dekt innan tildelt ramme i budsjettet. Tenestene som barnevernet yter er uforsigbare og for det meste lovpålagde, derfor er det vanskeleg å sei korleis forbruket vil bli framover. Vi følgjer nøye med og gjer så godt som vi kan for å halde tildelt ramme.

Pleie- og omsorgsavdelinga

Samanligna med fjoråret har vi eit meirforbruk pr 31.07.13 på ca kr. 328 000 mot kr 750 000 på same tid i fjor. Vi fekk eit samla meirforbruk for 2012 på ca 2,4 million. Vi har i år meir lønsmidlar. August og september vil gi eit betre bilde over utgiftene frå i sommar. Heimetenestene og Herøy omsorgssenter er i rute medan der er eit stort meirforbruk på Myrvåg sjukeheim. Vi vil ha fokus på utiklinga vidare og kome tilbake med meir detaljert oversikt seinare på året. Det vart i starten av året varsla om at vi ikkje ville kunne greie innsparisingskravet på 3 % med å vidareføre noverande drift. Pasienttyngda og sjukefråværet vil vere avgjerande for det endelige resultatet.

Bu- og habiliteringsavdelinga

Butilboda har eit negativt avvik. Har utfordringar i høve overtid. Arbeidet med å redusere overtid har i periodar synt resultat. Kvar einskild avdelingsleiar tek grep i eiga avdeling. Nokre av personale har fått høgare stilling og endringar på turnus i høve dette vil truleg gje resultat. Jobbar med å rekrutere fleire vikarar i dei avdelingane som brukar mykje overtid. Det viser seg at høgtidstillegget på eitt av tuna har lagt seg på overtidskontoen. Ein brukar som krev mykje ressursar er tilbake på eit av tuna.

Det blir ikkje leigd inn på alle vakante vakter der det er fagleg forsvarleg drift. Sjekke at personale ikkje utløyser overtid før innleige. Flytte på personale til andre vakter eller andre tun/avdelingar når det er mogleg. Har ekstra utgifter i høve advokat i to av bueinngane. Har fått nye brukarar som krev ressursar, foreløpig 40%, men det skal aukast til 100% innan kort tid.

Manglande salsinntekter er hovudgrunnen til negativt avvik. Itillegg til nye investeringar på nødvendig utstyr på dagtilbodet. Vi reknar med at dette betrar seg i løpet av året.

Bu og habiliteringsavdelinga er pr. i dag samla sett i balanse.

Sosial og flyktning

Totalt overforbruk er estimert til omlag kr 950.000,-.

Vi har to brukarar vi må betale refusjon på. Dette er lovpålagt, og sjølv om vi har gjort ei avtale er det noko uvisst kor mykje totalsummen vil kome på. Hjelpetilbodet i dei kommunane brukarane får tenester kan variere, behovet til brukaren vil variere, også kostnadene.

Det er eit overforbruk på løn til støttekontakt med kr. 11 154 og åp reiseutgifter på omlag 21.000. I praksis

betyr dette at vi ikkje har budsjettmidlar til fleire vedtak, men det er ei lovpålagt teneste. Budsjettet til støttekontakt i alle avdelingane bør derfor løftast politisk. Budsjettet på økonomisk sosialhjelp ble redusert med kr 1 000 000 i 2013. Dette for å kunne imøtekomme generelle innstramminger i budsjettet. Det vil være nødvendig med en budsjettendring da det vil komme ett overforbruk på budsjettet i 2013. Dette er en lovpålagt stønad for de svakeste i vårt samfunn. For å kunne forklare økningen i utgifter på sosialhjelpsbudsjettet er det nødvendig med en bredere analyse av hvem som mottar økonomisk sosialhjelp, både når det gjelder alder, familie- og livssituasjon forøvrig. Flyktningtjenesten forventar eit meirforbruk på nokre av tenestene sine i 2013. Håp om at dette vert dekt inn ved auke av øymerke statstilskott.

Status: Dei siste par åra har det kome fleire saker som NAV har måttet handtere. Det er nødvendig med ei breidare analyse av kven brukarane er for å kunne budsjettere meir riktig i høve til ein ny situasjon og tilpasse tenestetilbodet slik at det er så effektivt som mogleg. Ei slik analyse vil ha prioritet i budsjettarbeidet framover.

Utviklingsavdelinga

Samla sett viser rekneskapen for utviklingsavdelinga eit mindreforbruk på om lag 741 000.- pr. 31.07.2013. Alt er basert på ei periodisering av utgifter og inntekter fordelt tilnærma likt pr. måned.

Anleggs- og driftsavdelinga

Pr. 31.07.2013 syner rekneskapen, justert for etterslep på interne føringar m.m., at det er små avvik i forhold til periodisert budsjett. Samla sett kan ein ikkje sjå at det ligg an til store avvik i forhold til budsjett på årsbasis.

Eigedomsavdelinga

Oppsummert har eigedomsavdelinga pr rapportering eit overforbruk på uforutset drift som kan påvirke framdrifta og gjennomføringa av andre planlagte prosjekt som pt. ikkje er igangsett. Reinhaltsavdelinga har per dato mindreforbruk knytt til løn, men dette kan bli endra når ein har ført kostnadane i samband med innleige av sommarvikarar i august og september. Elles bør ein klare å halde budsjetttramma for dette delansvaret.

Samhandlingsreforma

Ser ut til å kome ut i baanse så framt ein ikkje får større avvik mellom akonto innbetalingane og det endeleg oppgjeret til Helse Midt Norge. Avrekninga frå 2012 vil mest sannsynleg ikkje vere kjent før i november 2013 og det kan gi oss ein smekk. Her bryr staten seg ikkje om anordningsprinsippet som dei har bestemt at kommunen skal føre sin rekneskap etter.

Skatt, ramme, finans, tilskot

Det er fleire faktorar som er eigna til bekymring på dette området.

Skatt/ramme: Vi budsjetterte med 253,2 i skatteinntekter i 2013. Dei reelle skatteinntektene vil kanskje bli på omlag 240,0 mill kr. Med ein inntektssvikt her på 13,2 mill kr vil ein få meir i rammetilskott enn budsjettert. Med ei skatteinntekt på 240,0 mill kr vil kommunen få ein samla inntektssvikt her på 5,0 mill kr.

Utbytte Tussa: Dette vil bli nær 5,6 mill kr mindre enn budsjettert.

Momskompensasjon investeringar: Her har vi budsjettert med ei driftsinntekt på 2,75 mill kr. Per 31.07.2013 er inntekta her omlag 0,65 mill kr. Slik det ser ut med omsyn til investeringsprosjekt som er oppstarta vil ikkje inntektene her auke vesentleg fram mot årsskiftet og i alle fall ikkje nå opp til det ein har budsjettert med. Kanskje blir inntektssvikten her 1,5 mill kr ?

Pensjons: Vi har budsjettert med eit pensjonsavvik minus amortisering av pensjonsavvik på netto 7,5 mill kr ("inntekt"). Om dette slår til veit vi lite om før vi passerer nyttårsskiftet.

Rasjonalisering/tenestekutt/effektivisering. Her budsjetterte vi med midre kostnadar på 1,0 mill kr. Det har hittil i år ikkje blitt utført budsjettendringar som syner om denne prosessen er oppstarta og om ikkje har vi ein sprekk på 1,0 mill kr her.

Totalt usikre postar utgjer då minimum 12,9 mill kr.



Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|-----|-------------|-----------|
| Sakshandsamar: | OJK | Arkivsaknr: | 2013/1057 |
| | | Arkiv: | 231 |

| Utvallsaksnr | Utval | Møtedato |
|--------------|---------------|------------|
| 154/13 | Formannskapet | 17.09.2013 |

LEIGE AV GARASJETOMTER PÅ GNR. 34/353

Tilråding:

Garasjebygga kan bli ståande på kommunen sin eigedom gnr 34, bnr 353 inntil vidare, men leigeavtalen kan seiast opp med 3 mnd varsel. Leigetakarane må koste fjerning av bygningsmassen når kommunen krev det.

Det vert kravd leige for perioden etter 31.12.2006 basert på prisjustering av tidlegare leigesatsar.

Vidare leige skjer med atterhald om at leigetakarane aksepterer desse vilkåra.

Særutskrift:

- Ole Kristian Knutsen,
- Idar Frøystad,
- Eigedomsavdelinga
- Utviklingsavdelinga
- Anlegg- og driftsavdelinga
- Økonomiavdelinga
- Assisterande rådmann

Vedlegg:

- Brev av 12.12.2001 til Ole Kr. Knutsen.
- F-sak 359/96
- Kartvedlegg

Saksopplysningar:

Saka gjeld leige av garasjetomter på kommunal eigedom gnr. 34, bnr 353. Historikken i saka går fram av F-sak 359/96, jfr. vedlegg.

I F-sak 359/96 vart det gjort slikt vedtak:

«Garasjebygga til Jarle Mork og Ole Kristian Knutsen kan bli ståande på kommunen sin eigedom gnr 34, bnr 353 fram til 31.12.01.

Kommunen skal då på heilt fritt grunnlag kunne vurdere om evt. søknad om lengd leigetid skal imøtekomast, eller om garasjeeigarane må fjerne garasjane.

For desse skal det betalast kr. 900,- i leige pr garasje. Leigesummen må betalast inn til Herøy kommune innan utgangen av 1996.»

I brev av 12.12.2001 vart det stilt spørsmål om leigetakarane ville forlenge avtalen for ein ny femårsperiode. Slik avtale fram til 31.12.2006 vart inngått.

Det er ikkje inngått avtale om leige av garasjetomtene etter 31.12.2006. Det er heller ikkje betalt leige for perioden etter 31.12.2006.

Det er planar om å føre fram gangveg/sikre mot ras i dette området, men planane er ikkje tidfesta. På kart datert 30.08.2013 er vist korleis dette tiltaket vil kome i konflikt med garasjebygget.

Vurdering og konklusjon:

Garasjene må vekk når kommunen skal føre fram gangveg/sikre mot ras i dette området. Når det kan skje, er vanskeleg å tidfeste.

Eg rår til at garasjene kan verte ståande framover, men når kommunen skal ta grunnen i bruk må leigetakaren koste fjerning av bygningsmassen innan 3 mnd frå kommunen gir varsel om dette.

Det vert kravd leige for perioden etter 31.12.2006 basert på prisjustering av tidlegare leigesatsar.

Konsekvensar for folkehelse:

Gangveg/rassikring vil vere eit førebyggjande tiltak.

Konsekvensar for beredskap:

Gangveg/rassikring vil vere eit førebyggjande tiltak.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 02.09.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad



Dato: 12.12.2001
Journal: 2001/001052
Arkiv: 231-&01
Vår ref.: OKR
Dykkar ref.:
Dykkar brev av:

Jarle Mork, Eiksund, 6065 Ulsteinvik

Ole Kr. Knutsen, 6090 Fosnavåg

2013/1057

LEIGE AV GARASJETOMTER PÅ GNR. 34 BNR. 353.

Eg viser til vedtak i F-sak 359/96 der det vart gitt løyve til at garasjebygga på kommunen sin eigedom gnr. 34 bnr. 359 vart ståande fram til 31.12.01. Leiga vart sett til kr. 900,- pr. garasje for femårsperioden 1997-01.

Eg ber om tilbakemelding på om det er aktuelt for Dykk å forlange avtalen for ein ny femårsperiode, men slik at avtalen kan oppseiast med 6 mndr. varsel.

Grunnen til at vi ynskjer å ha inn eit punkt om oppseiing er at det vert arbeid med planar om utviding av vegen til Nørvågen, og at den truleg vil kome inn på garasjetomta.

Når det gjeld leigesummen vidare, vil eg rå til at den vert auka i samsvar med konsumprisindeksen dei siste 5 åra. Den vil då verte kr. 1.015,- pr. garasje for ein ny femårsperiode.

Eg høyrer frå Dykk


Oddbjørg Remøy

Kopi:
Teknisk etat



Ref.: OKR/
Arkiv: RÅD - L09
Journal: 96/00859 Dok - 5

FORMANNSKAPET, 27.11.96
F-sak 359/96
Fosnavåg, 22.11.96

Til: FORMANNSKAPET

LEIGE AV GARASJETOMTER PÅ GNR. 34 BNR. 353.

Vedlegg: - kartskisse

SAKSUTGREIING:

I F-sak 76/77 vart det gitt løyve til oppføring av inntil tre garasjer på kommunen sin eigedom gnr. 34 bnr. 353 som ligg ved vegen til Nørvåg, like ved Rv 654.

Sverre Mork fekk disponere/leige den eine tomta. Avtalen er seinare overteken av sonen, Jarle Mork. Leigesummen frå 1988 vart sett til kr.810,- for 9 år, fram til 31.12.96 (F-sak 59/87).

Ole Kristian Knutsen fekk i F-sak 342/86 disponere/leige dei to andre tomtene fram til 31.12.96. Leiga vart fastsett til kr. 1.800,- for 10 år.

I begge formannskapsvedtaka heiter det at etter 01.01.97 skal kommunen på heilt fritt grunnlag kunne vurdere om evt. søknad om lengd leigetid skal imøtekomast, eller om garasjeeigarane må fjerne garasjane.


Begge leigarane er tilskrivne med spørsmål om dei vil forlenge avtalane.

Jarle Mork ber om at leigeavtalen vert forlenga.

Det same gjer Ole Kristian Knutsen, men han ynskjer primært å kjøpe tomta.

Teknisk sjef har ikkje merknader til at tomtene vert utleigde vidare i ein 10-årsperiode.

Formannskapet får vurdere kva leige som skal reknast.



 **HERØY KOMMUNE**
30.08.2013 1:500
Det kan forekomme feil i kartet

0 5 20 m





Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|-----|-------------|-----------|
| Sakshandsamar: | OJK | Arkivsaknr: | 2013/1045 |
| | | Arkiv: | 611 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|-------------|--------------------------------|------------|
| 155/13 | Formannskapet Kommunestyret | 17.09.2013 |

KJØP AV GRUNN FRÅ GNR 26 BNR 25 PÅ LEINE.

Tilråding:

Framlegget til kjøpekontrakt for parsell av gnr 25, bnr 26, vist som parsell 1 på kartvedlegg, mellom eigarane av gnr 25, bnr 26 og Herøy kommune vert godkjend.

Kjøpesummen vert dekt av ubunde kapitalfond.

Særutskrift:

- Stig Leine, G. M. Brydes vei 5A, 1390 Vollen
- Utviklingsavdelinga
- Egedomsavdelinga
- Assisterande rådmann

Vedlegg:

- Utkast til avtale
- Kartvedlegg

Saksopplysningar:

Det har vore forhandla med eigaren av gnr 26, bnr 25 om kjøp av eit areal på Leine som er regulert til bustad, leikeplass og veg for å legge til rette for bustadbygging i området. Arealet er på vel 1700 m2.

Kommunen engasjerte takstmann Ottar M. Skare v/Per Mulvik AS som i april 2013 har gjennomført takst på eigedomen. Tomteverdien er taksert til kr 80 pr m2 avrunda til 140.000 kr. Grunneigaren hadde på side engasjert ein takstmann som hadde sett ein høgare verdi på eigedomen. Etter fleire forhandlingsrunder har ein kome fram til eit avtaleutkast for kjøp av parsellen på vel 1700 m2 der kjøpesummen er avtalt til 170.000 kr. Parsellen er avmerka som parsell 1 på kartvedlegget.

Vurdering og konklusjon:

Den framforhandla kjøpesummen for arealet er noko høgare enn taksten kommunen har innhenta. Avstanden er likevel ikkje større enn at eg vil rå til at avtalen/kjøpekontra vert godkjend.

Kjøpet vert dekt av ubunde kapitalfond.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 30.08.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

Kjøpekontrakt for tomt

Mellom:

Tone Beate Brekka
Stig Leine
Ingunn Steinde
Nora Leine Lohne

Stig Leine har fullmakt til å forestå salget.

Heretter kalt selger, og

Herøy kommune

Heretter kalt kjøper, er i dag inngått følgende kjøpekontrakt:

Salgsobjekt:

Selger overdrar herved til kjøper tomt med Gnr. 26, Bnr. 25. Teig over veien på 1708 kvm. Heretter kalt tomta for en kjøpesum stor:

Kr. 170.000,- kroneretthundereogsyttitusen 00/100, heretter kalt kjøpesummen.

Eiendommen vil få eget gårds- og bruksnummer når den er fradelt.

Omkostninger

I tillegg til kjøpesummen betaler kjøper eventuell kostnadene med fradeling av tomta fra gnr. 26, bnr. 25 og tinglysning av tomta på kjøper.

Oppgjør:

Kjøper betaler til selger kjøpesummen når tomta er fradelt og overført til selger. Betalingen skjer innen en mnd etter at kjøper har overtatt eiendomsretten til tomta. Innbetalingen skjer til selgers konto nr. 2708.10.22696.

Heftelser:

Kjøper har selv foretatt utskrifter av grunnbøkene for tomta. Tomta overdras fri for pengeheftelser.

Tomtas tilstand:

Tomta selges som den er.

Sted/dato: Herøy

Sted/dato: Asker

Kjøper:

Selger:

Herøy Kommune


Stig Leine



Leinevika

HERØY KOMMUNE
21.03.2012 1:1000
Det kan forekomme feil i kartet





HERØY KOMMUNE
14.01.2013 1:1000

Det kan forekomme feil i kartet





Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|-----|-------------|----------|
| Sakshandsamar: | JRV | Arkivsaknr: | 2013/471 |
| | | Arkiv: | Q14 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|-------------|--------------------------------|------------|
| 156/13 | Formannskapet Kommunestyret | 17.09.2013 |

GNR. 60 BNR. 262 - SKADE PÅ EIGEDOM

Tilråding:

1. Herøy kommunestyre vedtek, utan å ta stilling til skuldspørsmålet, å gi eigar av gnr. 60 bnr. 262 ei erstatning på 526.250 kroner.
2. Eit vilkår før utbetaling av erstatninga er at eigar av gnr. 60 bnr. 262 skriftleg erklærer at tvisten vedkomande skaden på eigedomen med dette er opp og avgjort.
3. Løyvinga vert finansiert ved bruk av disposisjonsfond.

Særutskrift:

- Advokat Bjørn Kristian Hove, Postboks 815, 6001 Ålesund
- Økonomiavdelinga, her

Vedlegg

1. Oversiktskart datert 9.8.2013
2. Avtale mellom Herøy kommune og eigar av gnr. 60 bnr. 262 av 7.8.2006 vedkomande bygging av mur langs kommuneveg for å hindre vassinnsig
3. Kopi av takst av 21.12.2012

Bakgrunn

Saka gjeld ei tvistesak mellom Herøy kommune og eigar av gnr. 60 bnr. 262 som nær sagt kontinuerleg har pågått sidan 1985. Denne saka er eit forsøk på å få avslutta tvisten gjennom eit reint økonomisk oppgjær til eigar.

Sidan tvisten har vore så langvarig er det for dagens administrasjon vanskeleg å setje seg inn i og finne ut av alle realitetar i saka. Ein har såleis i saksutgreiinga etter beste evne prøvd å oppsummere og gjere greie for det ein har funne av relevant dokumentasjon i forhold til dagens situasjon.

Saksopplysningar/vurderingar

Det har sidan 1985 nær sagt kontinuerleg vore ein tvist mellom Herøy kommune og eigaren av gnr. 60 bnr. 262. Tvisten synest å ha vorte utløyst av at det ved handsaming av byggjesøknaden i 1985 vart gjort ein sakshandsamingsfeil vedk. kloakkløysing. Feilen gikk på at det frå kommunen si side ikkje vart stilt krav til slamavskiljar for bustadhuset før avløpet vart tilknytt kommunal avlaupsleidning. Etter kvart løyste denne tvisten seg. Eigar av eignedomen etablerte slamavskiljar og kommunen dekte noko av kostnaden. Eigar opparbeidde så resten av utearealet med hage og plen.

I etterkant av dette starta kommunen opprusting av grøfta og vegen som går forbi eignedomen. I følgje eigar av gnr. 60 bnr. 262 vart alle gamle holveiter i vegen og rundt omkring øydelagde i samband med desse arbeida og hevdar dette førte til store vassproblem og skade på hennar eigedom. Kommunen gjorde nokre forsøk på utbetring av vegen og grøfta utan at det var noko særleg hjelp i. Rundt 1998 vart det opparbeidd eit mindre bustadfelt på oppsida av eignedomen. Dette førte i følgje eigar til at vassføringa inn på eignedomen gjennom grunnen etter kvart vart borte. Eigar meiner imidlertid at eignedomen enno er utsett for overflatevatn frå vegen og elva ved store nedbørsmengder.

Eigar har i tillegg til ovanstående vore i tvist med kommunen om kloakkgebyr, målebrev/eigedomsforhold, påstandar om ulik handsaming av kloakkabonnentar m.m. Nær sagt alle rådmenn og ordførarar i tillegg til fleire i administrasjonen m.a. i økonomiavdelinga og teknisk har vore inne i dei ulike sakene og prøvd å få til løysingar. I kommunen sitt arkiv er der eit utal dokument frå brevvekslinga mellom partane. Med bakgrunn i forhistoria der eigar meiner å ikkje ha vorte teken på alvor har ikkje grunnlaget for forhandlingar vore særleg gode.

I 2004 sette ein etter nye klager frå eigar av gnr. 60 bnr. 262 i gong eit arbeid med sikte på å få ein ende på saka vedkomande det øydelagde uteområdet som tvisten i hovudsak dreiar seg om no. Etter ein lengre korrespondanse, møte og synfaringar med mange involverte vart partane omsider einige om ein avtale som begge partar underteikna den 07.08.2006. Sjå vedlegg. Pris frå entreprenør til kommunen var 145.000 kroner. Ein trudde med dette at ein skulle få ein slutt på saka. Når entreprenør starta på arbeidet vart han imidlertid stoppa av eigar ganske umiddelbart. Eigar var då ikkje nøgd med arbeidet som vart gjort og meinte det vart

gjort meir skade på eigedomen. Partane prøvde å diskutere saka, men lukkast ikkje å kome til semje og arbeida vart avslutta.

Sidan har det vore nye rundar med diskusjonar, synfaringar, forslag til løysingar frå konsulentar og advokat utan at ein har fått noko løysing på saka. Forslag som har vorte lagde fram har etter kommunen sine vurderingar hatt ein langt høgare standard og kostnad enn det ein var samd om i avtalen som var gjort i 2006. Frå administrasjonen si side er ein også av den formeining at ein ikkje ser føre seg at kommunen kan tilfredsstillе eigars krav til utføring. Ein har såleis over tid argumentert for at det vert teke ein takst med utgangspunkt i avtalen mellom eigar og kommunen av 7.8.2006. Formålet med taksten skulle då vere at ein fikk ein oppdatert sum på kva arbeida ville koste og som kunne danne grunnlag for eit reint økonomisk oppgjer. Eigar var imidlertid over tid bestemt på at kommunen fysisk skulle stå for gjennomføringa av arbeida.

I november 2012 kom ein imidlertid til semje om at det skulle gjennomførast ein takst. Takst vart gjennomført og oversendt eigars advokat og kommunen den 21.12.2012. Sjå vedlegg. Som det framgår er samla takst 526.250 kroner.

At det oppstår tvistar mellom kommunen og enkelte innbyggjarar i kommunen er vanskeleg å unngå. Dei fleste tvistane let seg normalt løyse på minneleg vis og innan rimeleg tid. Som det framgår av saksutgreiinga ovanfor er det i dette tilfellet snakk om ein tvist som har gått føre seg nær sagt samanhengande i snart 30 år. Eigedomen ligg i rimeleg bratt terreng. Ved store nedbørsmengder vil det vere nær sagt umogleg å unngå at overvatn og vatn i grunnen renn inn på eigedomen både frå ovanforliggende areal og frå kommunevegen som går forbi eigedomen. Normalt vil ikkje nokon kunne lastast for vatn som renn i grunnen og oppå terrenget så lenge det ikkje vert leda inn på ein eigedom via open grøft eller rør. I denne saka har imidlertid kommunen i si tid (truleg rundt 1990) gjort arbeid/endra på veggen og iflg. eigar av eigedomen øydelagt gamle veiter. Dette skal så ha ført til overvatn fløymde inn på eigedomen. Det har ikkje lukkast å finne nokon klar dokumentasjon/bevis for at det er kommunen sine arbeid som i si tid var den direkte årsaka til skadane. Det kan imidlertid vere ein samanheng.

Med bakgrunn i saksutgreiinga, tidlegare korrespondanse, samtalar og forhandlingar mellom partane, sannsynet for at kommunen sine arbeid rundt 1990 kan ha medverka til skaden, ser rådmannen eit reint økonomisk oppgjer/erstatning som einaste løysing for å få saka opp og avgjort. Sidan ein ikkje kan sjå at det er dokumentert at det er kommunen sine arbeid i området som har ført til skaden synest imidlertid ikkje rådmannen at kommunen skal ta på seg skuld. Eit vilkår før utbetaling av erstatninga må vere at eigar av gnr. 60 bnr. 262 erklærer at tvisten vedkomande skaden på eigedomen med dette er opp og avgjort.

Rådmannen vil etter ei samla vurdering tilrå følgjande vedtak:

1. Herøy kommunestyre vedtek, utan å ta stilling til skuldspørsmålet, å gi eigar av gnr. 60 bnr. 262 ei erstatning på 526.250 kroner.
2. Eit vilkår før utbetaling av erstatninga er at eigar av gnr. 60 bnr. 262 skriftleg erklærer at tvisten vedkomande skaden på eigedomen med dette er opp og avgjort.

3. Løyvinga vert finansiert ved bruk av disposisjonsfond.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Ingen.

Fosnavåg, 09.08.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge

**OSE INGENIØRKONTOR AS**

RÅDGIVANDE INGENIØRAR OG TAKSTMENN MRIF – MNTF

Foretaksnr. NO 994 525 174 MVA
Vikegata 19A, 6150 Ørsta
Tlf. 70 04 52 20 Faks 70 04 52 21
E-post: postmaster@oseing.no
Internett: www.oseing.no**Adv. Bjørn Kristian Hove**
Postboks 815
6001 ÅLESUND

21.12.2012

SKADERAPPORT - **NATURSTEINSMUR**
SKADESTED: - **GBNR. 60/262 I HERØY**

Skadelidte : **Aud Karin Torleivsdotter Pettersen**
Gbnr. 60/262, Moltustranda

Rekvirert av : Adv. Hove, 19.10.2012

Besiktiget : 21.11.2012

Tilstede ved besiktigelse : Skadelidte, Jon Rune Våge, Bjørn Kr. Hove
og undertegnede takstmann

SKADEN GJELDER

Bolig-eiendom beliggende inntil kommunal veg/Gamlevegen. Grunneier Pettersen er å betrakte som skadelidt fordi det overvann kommer fra kommunal veg og inn på eiendommen. Det er derfor tidligere inngått en avtale pr. 07.08.2006 mellom partene om at det skal etableres en natursteinsmur i grense mellom Gamlevegen og hennes eiendom, se vedlegg.

Undertegnede mandat i saken er som følger:

- Utarbeidelse av rapport med kalkyle for bygging av natursteinsmur iht. avtale pr. 7.8.2006
- Muren bygges fagmessig, inkl. drenering i bakkant med avløp til veggrøft
- Kostnaden med oppføring av muren skal inkludere alle kostnader iht. en komplett prosjekt-kalkyle, dvs. inkl. tilstrekkelig prosjektering-grunnlag, søknad for kommunal godkjenning av tiltaket, utarbeidelse av tilbuds-grunnlag og innhenting av pris fra entreprenør, utførelse av byggearbeidet og tilhørende byggeledelse/kontroll fra tiltakshavers side.

Rapporten skal danne grunnlag for utbetaling av økonomisk erstatning til grunneier/tiltakshaver slik at hun kan engasjere fagfolk til utførelse av tiltaket.

TEKNISK LØSNING

Vegbanen ligger jevnt over endel høyere enn hagen til grunneier, med ca. 1.4 m høydeforskjell på det meste. Natursteinsmuren forutsettes bygd med et stabilt fundament under bakken og med gjennomsnittlig ca. 0.5 m høyde over vegbane, anlagt i inntil 55 lengde fra øvre hjørne av tomten mot sør. Inkludert fundament under bakken gir dette et areal av muren i vertikalplanet på ca. 100 m². Det må brukes muringsstein som er egnet for formålet, der muringen utføres av kvalifisert maskin-entreprenør. I bakkant av muren langs vegkant legges drenerende masse med drenerør i bunnen som avsluttes med stikkrenne i ca. 13 m lengde over vegbane til grøft på motsatt side. Fagmessig utførelse er beskrevet i bl.a. Sintef/Byggforskseriens blad 517.342 (Byggdetaljer, januar 2011).



ORGANISASJONEN FOR RÅDGIVERE



TAKSERINGSFORBUND

Utbedringsarbeidet forutsettes utført i hovedsak med maskinarbeid fra vegbanen for å skåne hageanlegget/plenarealet fra skade under arbeidet. Nåværende påbegynte rausfylling av stein er ikke fagmessig og må fjernes for å grave ut og etablere stabilt fundament for muren. På hagesiden av muren forutsettes det at plenarealet langs muren ordnes til og tilsås etter fullført arbeid. Avkjørselsarealet fra den kommunale vegen pålegges et nytt gruslag, og beplantning i hagen som skades erstattes med ny tilsvarende beplantning. I tillegg forutsettes det iht. avtalen at det utbetales et beløp på kr. 10.000,- inkl. mva. som grunneier selv kan disponere til tilstelling av hagen.

I et parti langs muren er det synlig fjell i dagen, evt. er dette en stor stein. Denne kan enten bevares eller sprenges forsiktig bort for at muren skal kunne bygges på tilstrekkelig måte. Dette må entreprenøren avgjøre i samråd med grunneier, men entreprenøren forutsettes å avgjøre dette utfra sitt faglige syn. De stedlige grunnforhold forutsettes normalt gode med faste og ikke telefarlige underliggende masser. Muren blir å betrakte som en støttemur.


KALKYLE FOR UTFØRELSE AV ARBEIDET

Basert på den beskrevne løsning har vi beregnet nedenforstående utbedring og tilhørende kostnader:

| | |
|---|----------------------|
| 1. Fjerning av rauset steinmasse | kr. 7.200,- |
| 2. Saging av asfaltkant langs mur og ved kryssing for stikkrenne | kr. 4.800,- |
| 3. Oppgraving av fundamentgrøft for natursteinsmur, inkl. tilpassing av mur ved fjellnabb/stein, tilkjøring og utlegging av masse for fundament, oppmuring av natursteinsmur, lengde ca. 55 m | kr. 290.000,- |
| 4. Graving av grøft for stikkrenne | kr. 2.500,- |
| 5. Legging av drenerør langs mur og stikkrenne til grøft, 70 m | kr. 6.300,- |
| 6. Tilbakefylling og utlegging av jord på plenareal ved innside mur, gjødsling, kalking og tilsåing av berørt areal, 90 m ² | kr. 10.500,- |
| 7. Nyplantning tilsvarende skadet vekst under arbeidet langs innside mur | kr. 3.000,- |
| 8. Reasfaltering av skadet areal langs mur og i vegbane, 100 m ² | kr. 25.000,- |
| 9. Utlegging og planering av grus ved avkjørsel til eiendommen | kr. 6.000,- |
| 10. Sluttrydding, opplasting, borttransport og deponering av vrakmasse | kr. 7.200,- |
| 11. Rigging og administrasjon for entreprenør | kr. 7.500,- |
| 12. Engangssum til grunneier for beplantning iht. avtale (10.000,- inkl. mva.) | kr. 8.000,- |
| 13. Prosjektering og prisinnhenting/tilbud, søknad for tiltaket inkl. gebyr, byggeledelse/oppfølging av byggearbeidet på grunneiers vegne | kr. 43.000,- |
| Sum materiell og arbeid, eks. mva. | kr. 421.000,- |
| 25% mva. | kr. 105.250,- |
| Sum materiell og arbeid, ^{inkl.} eks. mva. | kr. 526.250,- |


Kalkylen er utført med utgangspunkt de beskrevne kvaliteter, egne erfaringstall/enhetspriser for tilsvarende prosjekter og med støtte i bl.a. samtaler med lokale maskin-entreprenører og Holte Byggsafe's Kalkulasjonsnøkkel. Det er benyttet normale lokale enhetspriser for den aktuelle type arbeid, der opplyst pris pr. m² for en natursteinsmurs-muring inkl. materiell av den aktuelle typen varierer mellom kr. 2.800,- og 4.500,- pr. m² eks. mva. for de ulike entreprenører. I tillegg kommer kostnaden med de andre elementer som inngår i avtalen mellom partene i denne saken.


for Ose Ingeniørkontor AS





Siv. ing. Trond Ose
Takstmann MNTF

Vedlegg: **Situasjonsplan med inntegnet prinsipløsning for natursteinsmur m.v.
Prinsippskisse natursteinsmur
Avtale 07.08.2006 inkl. vedlegg**







KARTUTSNITT

Dato: 03/11/04

Målestokk 1:500

HERØY KOMMUNE - ANLEGG- OG DRIFSAVDELINGA



HERØY KOMMUNE

AVTALE

Mellom Herøy kommune v/ Anleggs- og driftsavdelinga og eigar av gnr. 60 bnr. 262 er det inngått følgjande avtale:

For å førebygge mot skadar / ulemper for gnr. 60 bnr. 262 på grunn av overvatn og i samband med vegvedlikehald som snøbrøyting m.v. på kommunevegen vil Herøy kommune v/ Anleggs- og driftsavdelinga syte for å setje opp ein natursteinsmur med store steinar i grenselina mellom kommunevegen og gnr. 60 bnr. 262. Sjå vedlagt kartutsnitt i målestokk 1:500 datert 03.11.04 der muren er markert med raud farge. Utføring i følgje beskrivelse i vedlagt kopi av pristilbod frå Kjellmar Tarberg datert 22.06.06. I tillegg vert avkjørsla til eigedomen oppgrusa og planert. Evt. plantar som måtte verte skada / øydelagde ved bygginga av muren vil verte erstatta med nye.

Det er ein føresetnad at arbeidet vert oppstarta seinast i september 2006.


Eigar kan evt. seinare heve eller setje gjerde opp på muren for skjerming mot innsyn etter nærmare avtale med kommunen.


I tillegg vil Herøy kommune betale ut kr. 10.000,- som grunneigar sjølv kan disponere til tilstelling av hage.

Vedlegg:

1. Kartutsnitt datert 03.11.04
2. Pristilbod frå Kjellmar Tarberg AS datert 22.06.06

Stad, dato: Fosnavåg, 07.08.06


For Herøy kommune
HERØY KOMMUNE
Anleggs- og driftsavdelinga
6090 FOSNAVÅG


Eigar av gnr. 60 bnr. 262

Kjellmar Tarberg A.s

Graving — Sprenging — Transport
6076 MOLDTUSTRANDA KOMMUNE
PADMANNEN

| | |
|-------------|------------|
| Reg.no. | Skatt.kode |
| 26 JUN 2006 | |
| J.P. 0010 P | |
| J.P. 0010 S | |
| J.m. | Dokument |
| Kommune | |

Org nr: 966 870 680
Telefon: 70 08 50 43
Fax: 70 08 58 07
Mobiltlf: 90 05 39 18
Bank : NORDEA
Bankgiro: 6568.05.00546

Moldtustranda 22.06.2006

Herøy Komune
Teknisk etat
6099 Fosnavåg

**Pristilbud på steinmur mot komuneveg på eiegenomen
Til Aud Karen Pettersen på Moldtustranda.**

Prisen omfatter graving av fundament for mur og oppfylling med pukk/singel
Så steinen blir liggende stabilt.


Levering og oppmuring av steinmur i to høgder med større stein, og på bakside
Skall det røysast opp store steinheller der det blir store sår eller muren blir stygg.
Det må sprengast en stor stein som kjem i veg for fundament / mur.
Lengda på muren blir ca 45-50 meter.

Pris på komplett steinmur
Flytting av tre og planter

Pris inkludert Moms


Kjellmar Tarberg

VEDLEGG 1.



Gnr. 60 bnr. 262

Storeelva, Moltu



AVTALE

Mellom Herøy kommune v/ Anleggs- og driftsavdelinga og eigar av gnr. 60 bnr. 262 er det inngått følgjande avtale:

For å førebygge mot skadar / ulemper for gnr. 60 bnr. 262 på grunn av overvatn og i samband med vegvedlikehald som snøbrøyting m.v. på kommunevegen vil Herøy kommune v/ Anleggs- og driftsavdelinga syte for å setje opp ein natursteinsmur med store steinar i grenselina mellom kommunevegen og gnr. 60 bnr. 262. Sjå vedlagt kartutsnitt i målestokk 1:500 datert 03.11.04 der muren er markert med raud farge. Utføring i følgje beskrivelse i vedlagt kopi av pristilbod frå Kjellmar Tarberg datert 22.06.06. I tillegg vert avkjørsla til eigedommen oppgrusa og planert. Evt. plantar som måtte verte skada / øydelagde ved bygginga av muren vil verte erstatta med nye.

Det er ein føresetnad at arbeidet vert oppstarta seinast i september 2006.


Eigar kan evt. seinare heve eller setje gjerde opp på muren for skjerming mot innsyn etter nærmare avtale med kommunen.


I tillegg vil Herøy kommune betale ut kr. 10.000,- som grunneigar sjølv kan disponere til tilstelling av hage.


Vedlegg:

1. Kartutsnitt datert 03.11.04
2. Pristilbod frå Kjellmar Tarberg AS datert 22.06.06

Stad, dato: Fosnavåg, 07.08.06


For Herøy kommune
HERØY KOMMUNE
Anleggs- og driftsavdelinga
6090 FOSNAVÅG


Eigar av gnr. 60 bnr. 262



KARTUTSNITT

Dato: 03/11/04

Målestokk 1:500

HERØY KOMMUNE - ANLEGG- OG DRIFTS-AVDELINGA



Kjellmar Tarberg A.s

Graving — Sprenging — Transport
6076 MOLDTUSTRANDA

| | |
|---------------|----------|
| HERØY KOMMUNE | |
| RÅDMANNEN | |
| Reg.nr. | Saksbeh. |
| 2 6 JUN 2006 | |
| Ark.kode P | |
| Ark.kode S | |
| J.nr. | Dok.nr. |
| Kassasjon | |

Org nr: 966 870 680
Telefon: 70 08 50 43
Fax: 70 08 58 07
Mobiltf: 90 05 39 18
Bank : NORDEA
Bankgiro: 6568.05.00546

Moldtustranda 22.06.2006


Herøy Komune
Teknisk etat
6099 Fosnavåg

Pristilbud på steinmur mot komuneveg på eigedomen Til Aud Karen Pettersen på Moldtustranda.

Prisen omfatter graving av fundament for mur og oppfylling med puk/singel
Så steinen blir liggende stabilt.
Levering og oppmuring av steinmur i to høgder med større stein, og på bakside
Skall det røysast opp store steinheller der det blir store sår eller muren blir stygg.
Det må sprengast en stor stein som kjem i veg for fundament / mur.
Lengda på muren blir ca 45-50 meter.

Pris på komplett steinmur
Flytting av tre og planter

Pris inkludert Moms


Kjellmar Tarberg



Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|-----|-------------|-----------|
| Sakshandsamar: | OJK | Arkivsaknr: | 2012/1266 |
| | | Arkiv: | L03 |

| Utvaksaksnr | Utval | Møtedato |
|-------------|--------------------------------|------------|
| 157/13 | Formannskapet Kommunestyret | 17.09.2013 |

INNFARTSVEG FOSNAVÅG. GRUNNAVTALE MELLOM HERØY KOMMUNE OG EIGAR AV GNR 37, BNR 50.

Tilråding:

Kommunestyret godkjenner avtalen mellom Herøy kommune og eigaren av gnr 37, bnr 50 datert 09.08.2013.

Særutskrift:

- Andor H. Leine, Mikkeltaugen 1, 6092 Fosnavåg
- Assisterande rådmann
- Egedomsavdelinga
- Utviklingsavdelinga
- Anlegg- og driftsavdelinga

Vedlegg:

- Avtale mellom Herøy kommune og eigar av gnr 37, bnr 50.
- Kart datert 07.06.2013.

Saksopplysningar:

I K-sak 56/13 vart det gjort slikt vedtak:

«1. Kommunestyret godkjenner

- Grunnavtale med eigarane av gnr. 37 bnr. 5 og gnr. 37 bnr 26.
- Grunnavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune datert 08.03.2013 om rett til å legge innfartsveg/sambindingsveg over gnr 37 bnr 335.
- Grunnavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune datert 08.03.2013 om avståing av nødvendig grunn til Campus Fosnavåg.
- Grunnavtale med eigaren av gnr 37 bnr 165 og 166 Leif Roar Tronstad.
- Grunnavtale med eigaren av gnr. 29 bnr. 73 og 229 Anne Marie Pettersen

2. Møre og Romsdal fylkeskommune og Leif Roar Tronstad får tilbod om å avstå grunn som er omfatta av avtalane til kr 187,50 per m².

3. Kommunen dekkjer grunneigarane sine utgifter til advokatbistand i saka.

4. Grunnkjøpet vert finansiert av løyvingane til innfartsveg Fosnavåg/utbygging av Badeland.»

Leif Roar Tronstad har godteke tilbodet frå kommunen. Når det gjeld grunn til innfartsveg Fosnavåg, er det berre avtale med eigaren av gnr 37, bnr 50 som står igjen.

Innfartsvegen vil føre til inngrep i hagen til eigaren av gnr 37, bnr 50, jfr. vedlegg. Det har vore forhandla ei tid om tiltak for å avbøte desse ulempene. Framlegg til avtale ligg no føre, jfr vedlegg.

Vurdering og konklusjon:

Eg meiner at dei avbøtande tiltaka i avtalen står i eit rimeleg forhold til ulempene ved inngrepet i hagen til eigaren av gnr 37, bnr 50, og rår til at avtalen vert godkjend.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Ingen.

Fosnavåg, 13.08.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

AVTALE MELLOM HERØY KOMMUNE OG EIGAR AV GNR 37, BNR 50 ANDOR H. LEINE.

I samband med bygging av del av ny innfartsveg til Fosnavåg mellom eksisterande FV 654 og Campus Fosnavåg er det gjort slik avtale mellom partane:

1. Herøy kommune overtek ca 269 m² frå gnr. 37 bnr. 50 mot at eigaren av gnr. 37 bnr 50 overtek ca 199 m² frå Herøy kommune slik som vist på kart datert 07.06.2013.
2. Herøy kommune fyller opp og planerer arealet vest og nord for bustadhuset (mellom gang-/sykkelveg, hus, haug og vegfylling) til eit nivå tilsvarande nest siste steinhøgda på muren mot gang-/sykkelvegen. Ein del av det oppfylte arealet skal tilsåast og ein del grusast/asfalterast etter nærare avtale med eigar av gnr. 37 bnr. 50.
3. Herøy kommune steller til avslutninga mot haugen og knyter saman dei 2 hagenivåa med ein sti langs nordsida av huset.
4. Herøy kommune riv eksisterande murgarasje på vestsida av huset og legg rivingsmaterialet i fyllinga.
5. Herøy kommune set ned drenskum på nedre del av nytt oppfylt uteområde, legg ned dremsrør frå kum og forbi vegskråning (etter anlegget vert dette ei privat leidning) samt sikrar drenering til kummen frå det oppfylte området.
6. Døra på nordsida av huset skal flyttast og nytt vindauge med redusert lysopning skal innsetjast på vestveggen. Døra og høgda på det nye vindauget vert å tilpasse i høve til det nye oppfyllingsnivået mot huset.
7. Herøy kommune tømmer eksisterande septiktank, knuser den og lar restane inngå som ein del av fyllinga.
8. Herøy kommune set opp nytt gjerde/rehabiliterer eksisterande gjerde frå enden av vernemur og vidare mot veg og gangveg.
9. Herøy kommune etablerar skjerming (levegg e.l.) for deler av uteopphaldsområdet på eigedommen som kompensasjon for fjerning av eksisterande vern (graner mot nord). Type og omfang av skjerming vert fastsett i samråd med eigar av gnr. 37 bnr. 50.

Fosnavåg, den 09.08.2013

.....
Herøy kommune

Andor H. Leine
.....
Eigar av gnr. 37 bnr. 50


95. RØDMÅLL

| | |
|------------------------|------------|
| HERØY KOMMUNE | |
| RÅDMANNEN | |
| Slik avtale mellom 07K | |
| 12 AUG. 2013 | |
| Ark.kode P | h03 |
| Ark.kode S | |
| J nr. | Dok.nr. 27 |
| Kassasjon | |

INNFARTSVEG FOSNAVÅG MAKEBYTTE ANDOR LEINE/HERØY KOMMUNE

Herøy kommune overtek frå
Andor Leine
Areal=269 kv.m.

Andor Leine overtek frå
Herøy kommune
Areal=199kv.m.



HERØY KOMMUNE

07.06.2013 1:500

Det kan forekomme feil i kartet





Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|-----|-------------|-----------|
| Sakshandsamar: | JNP | Arkivsaknr: | 2012/2086 |
| | | Arkiv: | 233 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|-------------|--------------------|------------|
| 14/13 | Plan og byggenemnd | 02.09.2013 |
| 158/13 | Formannskapet | 17.09.2013 |
| | Kommunestyret | 26.09.2013 |

BUSTADAR FOR UNGE FUNKSJONHEMMA BRUKARAR - PROSJEKTRAMMER.

Møtebehandling:

Det vart framlagt slik endra tilråding:

1. Den økonomiske ramma for prosjektet vert auka frå 9,2 mill kroner til 15,61 mill. kroner.
2. Kommunestyret tek til vitande at kostnadsreducerande tiltak ikkje vil ha nemneverdig økonomisk betydning utan at det reduserer areal og kvalitet for bebuarar og bemanning vesentleg.
3. Tilleggsøyvinga på 6,15 mill. kroner vert finansiert med låneopptak.

Tilråding i Plan og byggenemnd - 02.09.2013

1. Den økonomiske ramma for prosjektet vert auka frå 9,2 mill kroner til 15,61 mill. kroner.
2. Kommunestyret tek til vitande at kostnadsreducerande tiltak ikkje vil ha nemneverdig økonomisk betydning utan at det reduserer areal og kvalitet for bebuarar og bemanning vesentleg.
3. Tilleggsøyvinga på 6,15 mill. kroner vert finansiert med låneopptak.

Tilråding:

4. Kommunestyret tek til vitande at administrasjonen sine vurderingar av kostnadsreducerande tiltak ikkje vil ha nemneverdig økonomisk betydning

- utan at ein reduserer areal og kvalitet for bebuarar og bemanning vesentleg. Det er ikkje ønskjeleg.
- Den økonomiske ramma for prosjektet vert auka frå 9,2 mill kroner til 15,61 mill. kroner.
 - Tilleggsøyvinga på 6,15 mill. kroner vert finansiert med låneopptak.

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga
- Eigedomsavdelinga
- Bu- og habiliteringsavdelinga

Vedlegg:

- 1 .5 Perspektiver.PDF
- 2 1301-A20-2 Plan 1 etasje100 mb 140513.pdf
- 3 1301-A20-4 Plan U-etasje 100 mb 140513.pdf
- 4 2950_001.pdf
- 5 2949_001.pdf

Bakgrunn

Saka vert lagt fram med bakgrunn i PBN-sak 9/13 der det vart gjort følgjande vedtak. Sitat: *«Administrasjonen får i oppdrag å vurdere kostnadsreduserande løysingar/tiltak med utgangspunkt i m.a. Husbanken sine retningslinjer evt. andre veilederar og råd for slike bustadar i den grad slike finst. Saka vert så å legge fram for Plan- og byggenemnda på nytt.»*

Saksopplysning:

Som følgje av vedtaket i PBN, så har administrasjonen, arkitekt og foreldrerepresentantar vurdert følgjande kostnadsreduserande tiltak:

Arealerduksjon

Lite gunstig mtp naudsynt tilrettelegging for denne brukargruppa. Dei fleste brukarane er avhengige av plasskrevjande og tunge hjelpemiddel, og dette medfører ytterlegare arealbehov utover normer for tradisjonelle omsorgsbustadar. Alle romfunksjonar er dimensjonerte for bruk av m.a. bære/pasientseng.

Planløysing

Tiltaket er planlagt oppført over 2 plan, med parkeringskjellar/lager i underetasjen og bueiningane over. Ei utforming med underetasje som synt på arkitektens skisser vil medføre betre stigningstilhøve/terrengtilpassing mot Herøy produksjon, kor det etter planen skal byggjast om til dagsenter. Brukarane er avhengige av å ha sine køyretøy under tak, for best mogleg tilhøve under av- og på stigning frå rampe. Ei løysing med frittstående carportar/garasjar vil medføre ytterlegare opparbeiding av grunn, og infrastruktur elles.

Kostnader med opparbeiding av grunn vil ein også få ved evt. frittstående garasjar. Slik planløyvingane no ligg føre er dei innafor byggjegrensene i reguleringsplanen. Arkitektskissene syner i tillegg til dei 4 bueiningane også ein fellesdel/personaldel. Dette er etter krav frå husbanken, og skal fungere som samlingsstad for bebuarane i tillegg til lokalitet for døgnbemanning.

Løyvingar og forbruk:

I 2011-budsjettet vart det løyvd 750.000 kroner til planlegging. Forbruket i 2011 var 70.000 kroner. I 2012-budsjettet vart det løyvd 9,25 mill. kroner til prosjektet. Av dette vart det brukt 240.000 kroner til planlegging. Resterande del av løyvingane i 2011 og 2012 vart ikkje vidareførte/overførte til nytt budsjettår. Sjå tabell nedanfor.

| År | Budsjett (kr.) | Forbruk(kr.) |
|------|----------------------|--------------|
| 2011 | 750 000 | 70 000 |
| 2012 | 9 250 000 | 240 000 |
| | Forbruk 2011 og 2012 | 310 000 |

Det er i budsjettet for 2013 avsett 9,15 mill. kroner til prosjektet.

Løyvingane er slik dei ligg i budsjettet underkalkulert, og er ikkje i samsvar med dagens byggjekostnader. Løyvingane var gjorde med bakgrunn i 4 bueiningar, ved prosjekteringa har det m.a. synt seg at det ikkje var teke tilstrekkeleg høgde for naudsynte areal som følgje av døgnbemanning og naudsynt brukarutstyr. Ein vil leggje til rette for at fellesdelen for ettertida med enkle grep kan omdisponerast til «bueining» dersom behova skulle endre seg. Til orientering så var byggjekostnadane på Solheim (Myklebust) i overkant av 3 mill. pr eining, oppført i 2009.

Arkitekten har utarbeidd ny kostnadskalkyle basert på eigne skisser. Dette syner ein prosjektkostnad på ca 15,3 mill. kroner. Dette medfører behov for tilleggsløyving som følgjer:

| | |
|--|------------------------------|
| Prosjektkostnad (kalkyle): | kr. 15.300.000,- |
| <u>Forbruk 2011 og 2012:</u> | <u>kr. 310.000,-</u> |
| Total prosjektkostnad: | kr. 15.610.000,- |
| <u>-Inndekt over løyvingar i 2011 og 2012:</u> | <u>kr. 310.000,-</u> |
| Resterande prosjektkostnad: | kr. 15.300.000,- |
| <u>-Løyvingar 2013:</u> | <u>kr. 9.150.000,-</u> |
| Behov for tilleggsløyving: | <u>kr 6.150.000,-</u> |

Prosjektkostnaden er basert på nasjonale erfaringstal og kan avvike ift lokale byggjekostnader. Endelege kostnader vil fyrst bli synlege ved tilbodsinnhenting. Tilbudsgrunnlag blir framlagt for plan- og byggenemnda for godkjenning før evt utlysing av konkurranse. Ved negativt avvik ift kalkylene så blir saka igjen lagt fram for formannskap og kommunestyre.

Vurdering og konklusjon:

Prosjektet er slik det no ligg føre basert på funksjonskrav knytt til denne brukargruppa. Arealmessig ligg tiltaket noko over tradisjonelle omsorgsbustadar, men ein har også lagt til rette for bruk av bære/seng. Ved å etablere parkering i underetasje så vil dette forenkle situasjonen for tilkomst samt av- og påstigning. Etablering av underetasje vil også medføre enklare terrengtilpassing ned mot Herøy produksjon (dagsenter). Tilrettelegging for denne brukargruppar forholdsvis store og kostnadsdrivande tiltak, både bygningsmessig og teknisk.

Bu- og habiliteringsavdelinga har i samband med denne saksutgreiinga uttalt følgjande. Sitat: «*Noverande omsorgsbustadar i Bu og habiliteringsavdelinga er ikkje tilrettelagt for brukargruppa som treng bustad. Mengd av hjelpemiddel pr. brukar, og medisinsk utstyr krev plass. Denne brukargruppa treng døgnkontinuerlig tilsyn. Det vil vere lettare for brukarane*

og personalet når leilegheitene er tilrettelagde med rett og lett tilgjengelege hjelpemiddel som er praktiske for dei daglege gjeremåla.

I forhold til forflytning til bil og andre fasilitetar vil det vere ein stor fordel å få gå tørrskodd til garasje. Slik situasjonen er no, må ein stå ute i all slags vær og det tek tid å få brukar, utstyr og personale inn i bilen. Helsenituasjon til enkelt brukarar som er somatisk sjukdom, sjølvskading eller anna gjer at ein ikkje gå i frå brukar i lengre periodar. For eksempel. for å måke snø av bil og framkomst til bil eller anna.

Hvis ein ikkje får byggje desse leilegheitene må brukarane bu i bustadar som er dårleg tilpassa for deira behov. Nokon av brukarane som no er over 18 år bur fortsatt hos pårørande.

Det vil vere ein fordel for brukarane med dette behovet å vere samla. Personalet vil alltid ha ein sparringpartner og medhjelpar i høve alle gjeremål rundt enkelt brukar. Godt tilrettelagt bustad gjer kvardagen enklare for brukar, personale og ein høgare nærværsfaktor.» Sitat slutt.

Utarbeiding av konkurransegrunnlag og utlysing av konkurranse vil bli utført etter godkjenning av nye kostnadsrammer.

Konsekvensar for folkehelse:

Tiltaket vil folkehelsemessig vere positivt for både brukarar, pårørande og personalet.

Konsekvensar for beredskap:

Tiltaket har risikoklasse 6, og blir definert som særskilt brannobjekt. Direktevarsling ved brann, og heildøgns bemanning.

Konsekvensar for drift:

Eigedomsavdelinga vil få ei brutto auke i årlege driftskostnadar ved ferdigstilling av prosjektet knytt til forvaltning, drift og vedlikehald av bygningsmassen. Bustadane er meint for utleige til private. I prinsippet bør difor kostnadane kunne dekkast inn gjennom den årlege husleiga frå leigetakarane slik at årleg netto konsekvens blir sett til kr. 0. Prosjektet utvidar antall utleigebustadar med 4 einingar. Sum brutto bygningsareal aukar med 624 m².

Med bakgrunn i saksutgreiinga og etter ei samla vurdering vil rådmannen tilrå at det vert gjort følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitande at administrasjonen sine vurderingar av kostnadsreducerande tiltak ikkje vil ha nemneverdig økonomisk betydning utan at ein reduserer areal og kvalitet for bebuarar og bemanning vesentleg. Det er ikkje ønskjeleg.
2. Den økonomiske ramma for prosjektet vert auka frå 9,2 mill kroner til 15,61 mill. kroner.
3. Tilleggsløyvinga på 6,15 mill. kroner vert finansiert med låneopptak.

Fosnavåg, 20.08.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: John Normann Pettersen



1:388,89 Perspective 1



1:388,89 Perspective 2



1:388,89 Perspective 3

| | | | | |
|-----------------------|---------------------|---------------------------|-----------------|--------|
| Prosjektnr.: 1301- | Teikningsnr.: .5 | Tittel: Perspektiv 1-3 | Korrigert dato: | Index: |
|-----------------------|---------------------|---------------------------|-----------------|--------|

| | | | |
|---|-------------------|-----------------------|---|
| BUSTADER UNGE FUNKSJONSHEMMA MYKLEBUST G/bnr. 9/2-3 Herøy Kommune | Dato: 07.05.13 | Målestokk: 1:388,8 | magne bergseth, sivilark. mnal Vikemyra 1, postboks 32, 6067 Ulsteinvik tlf. 70 00 95 00 / 916 14 270 www.arkibe.no. |
| | Teikna av: mb | Kontroll | |



1:388,89Perspective 4



1:388,89Perspective 5

| | | | | |
|-----------------------|---------------------|---------------------------|-----------------|--------|
| Prosjektnr.: 1301- | Teikningsnr.: .5 | Tittel: Perspektiv 4-5 | Korrigert dato: | Index: |
|-----------------------|---------------------|---------------------------|-----------------|--------|


| | | | |
|---|-------------------|-----------------------|---|
| BUSTADER UNGE FUNKSJONSHEMMA MYKLEBUST G/bnr. 9/2-3 Herøy Kommune | Dato: 07.05.13 | Målestokk: 1:388,8 | magne bergseth, sivilark. mnal Vikemyra 1, postboks 32, 6067 Ulsteinvik tlf. 70 00 95 00 / 916 14 270 www.arkibe.no. |
| | Teikna av: mb | Kontroll | |



Rev A. Etter prosjektmøte 09.04.2013 mb

| | | | | |
|--|----------------------|----------------------------|--------------------------|---|
| Prosjektnr.: 1301- | Teikningsnr.: A20 -2 | Tittel: Plan 1. Etasje 100 | Korrigert dato: 14.05.13 | Index: A |
| BUSTADER UNGE FUNKSJONSHEMMA MYKLEBUST | | Dato: 18.02.12 | Målestokk: 1:100 | magne bergseth, sivilark. mnl Vikemyra 1, postboks 32, 6067 Ulsteinvik tlf. 70 00 95 00 / 916 14 270 www.arkibe.no. |
| G/bnr. 9/2-3 Herøy Kommune | | Teikna av: mb | Kontroll: | |

© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke



1:100 Kjellar

Rev A. Etter prosjektmøte 09.04.2013 mb

| | | | | |
|---|-------------------------|--------------------------------|-----------------------------|--|
| Prosjektnr.: 1301- | Teikningsnr.: A20 -4 | Tittel: Plan kjellar 1t 100 | Korrigert dato: 14.05.13 | Index: A |
| BUSTADER UNGE FUNKSJONSHEMMA MYKLEBUST G/bnr. 9/2-3 Herøy Kommune | | Dato: 18.02.12 | Målestokk: 1:100 | magne bergseth, sivilark. mnal Vikemyra 1, postboks 32, 6067 Ulsteinvik tlf. 70 00 95 00 / 916 14 270 www.arkibe.no. |
| | | Teikna av: mb | Kontroll: | |

© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke

1301 UNGE FUNKSJONSHEMMA, Myklebust Herøy kommune.

Alt 2. Toplansløsning med heis

| | m2 | kr./m2 * | sum |
|--|---------|---------------|-------------------|
| 1 Oppvarma bruksareal (begge etasjer) | 568 | 16 000 | 9 088 000 |
| 2 Carporter og uteboder | 56 | 7 000 | 392 000 |
| 3 Heis** | | | 400 000 |
| Huskostnad | | | 9 880 000 |
| Utandørs*** | 1 000 | 1 300 | 1 300 000 |
| Byggekostnad | | | 11 180 000 |
| Spesielle kostnader (MVA) | | | 2 795 000 |
| Grunnkalkyle | | | 13 975 000 |
| Forventa tillegg og margin (10%) | | | 1 397 500 |
| Forventa prosjektkostnad | | | 15 372 500 |
| Pr m2 (1 og 2) | | 24 635 | |
| Pr eining (4 stk.) brutto | | 3 843 125 | |
| Investeringsstilskot Husbanken**** | | | -3 360 000 |
| Tilskot Enova lavenergi kl. A***** | | | -154 650 |
| Tilskot Enova passivhus | 231 975 | | |
| Prosjektkostnad eks støtteordningar | | | 11 857 850 |
| Pr eining (4 stk.) brutto | | | 2 964 463 |

*)Ca snitt mellom "normal" og "høg" standard for omsorgsboliger (Holte-prosjekt)

**) Pris standard bæreheis eks sjakt invendig stol 1200 x 2100 (Reber Schindler)

**) Pr m2 opparbeidd tomt (Holge utendørs bolig normal standard)

****) 30% av maks 2,8 mill pr. bueining.

*****) kr. 300,- pr m2 for lavenergi kl A (kr. 405, for passivhus)

Magne Bergseth 19.02.13



HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

| | | | |
|----------------|-----|-------------|-----------|
| Sakshandsamar: | JNP | Arkivsaknr: | 2012/2086 |
| | | Arkiv: | 233 |

| Utvallsaksnr | Utval | Møtedato |
|--------------|--------------------|------------|
| 9/13 | Plan og byggenemnd | 29.05.2013 |

BUSTADER FOR UNGE FUNKSJONSHEMMA - PLANSTATUS OG PROSJEKTRAMMER.

Tilråding:

Administrasjonen får i oppdrag å vurdere kostnadsreducerande løysingar/tiltak med utgangspunkt i m.a. Husbanken sine retningslinjer evt. andre veilederar og råd for slike bustadar i den grad slike finst. Saka vert så å legge fram for Plan- og byggenemnda på nytt.

Møtebehandling:

Janne Endresen orienterte om behov (brukarar).
Reinholdsløiar orienterte om behov for større bøttekott.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Plan og byggenemnd - 29.05.2013

Administrasjonen får i oppdrag å vurdere kostnadsreducerande løysingar/tiltak med utgangspunkt i m.a. Husbanken sine retningslinjer evt. andre veilederar og råd for slike bustadar i den grad slike finst. Saka vert så å legge fram for Plan- og byggenemnda på nytt.

Vedlegg:

- 1 Unge funksjonshemma, reviderte teikningar..html
- 2 5 Perspektiver.PDF
- 3 1301-A20-1 Plan 1 etasje 200 mb 140513.pdf
- 4 1301-A20-2 Plan 1 etasje100 mb 140513.pdf
- 5 1301-A20-3 Plan U-etasje 200 mb 140513.pdf
- 6 1301-A20-4 Plan U-etasje 100 mb 140513.pdf
- 7 Unge funksjonshemma Myklebust 190213mb.xlsx

Saksopplysningar:

Det er i budsjettet for 2013 avsett kr 9,2 mill for oppføring av 4 nye bustadar for unge funksjonshemma brukarar i Herøy kommune. Område på Myklebust er regulert til formålet, som også er lagt til grunn ved planlegging av bustadane.

Det vart i 2012 gjennomført synfaringar rundt om kring i distriktet på liknande bustadar, der fageiningar og foreldrerepresentantar var representerte. Arkitektkonkurranse vart utlyst på hausten 2013 der arkitekt Magne Bergseth vart tildelt oppdraget.

Status pr dato:

Arkitekten har på grunnlag av behovsanalyse og funksjonskrav knytt til slike bustadar utarbeidd ulike alternative forslag. Etter at fyrste utkast låg føre møttest fageiningar, verneombod og foreldrerepresentantar for drøfting av planløyningar mm. Forslag som gjekk ut over regulerte byggjegranser vart forkasta, og ein gjekk vidare med skissene som synte bebyggelse innanfor regulerte grenser. Dette alternativet er revidert etter møte, og ligg ved denne saka. Presiserer at fageining og brukrgruppe har merknadar til denne skissa.

Arkitekten har i høve sine arbeider hatt dialog med husbanken mtp utforming og tilrettelegging.

Prosjektrammer:

Det er totalt løyvd kr 9,2 mill for tiltaket. I høve utarbeidde løysingar så har arkitekten lagt fram kalkyle som syner kostnadsramme på ca kr 15,3 mill. Kalkyle er vedlagt denne saka.

Arkitekten antyder at evt kostnadsreducerande tiltak er å byggje over eit plan med frittstående carportar, og ikkje underetasje med biloppstilling som innteikna. Øvrige tiltak kan vere rein arealreduksjon, men ein vurderer dette som vanskeleg pga arealkrevjande tilrettelegging for brukargruppa og plasskrevjande hjelpemiddel.

Som følgje av stort sprik mellom økonomiske rammer og utarbeidde kostnadskalkyler blir saka framlagt for plan- og byggjenemnda for handsaming.

Vurdering og konklusjon:

Kalkulert kostnad er så pass stor i forhold til budsjett at ein vurderer det som naudsynt å ta ei nøyve vurdering med sikte på kostnadsreducerande tiltak.

Konsekvensar for folkehelse: Ikkje vurdert pr dato.

Konsekvensar for beredskap: Ikkje vurdert pr dato.

Konsekvensar for drift: Ikkje vurdert pr dato.

Fosnavåg, 22.05.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: John Normann Pettersen



Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|----------------|-----|-------------|-----------|
| Sakshandsamar: | OJK | Arkivsaknr: | 2012/1266 |
| | | Arkiv: | L03 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|-------------|--------------------------------|------------|
| 159/13 | Formannskapet Kommunestyret | 17.09.2013 |

GRUNNKJØP. CAMPUS FOSNAVÅG.

Tilråding:

Kommunestyret godkjenner avtalen mellom Herøy kommune og eigaren av gnr 29, bnr. 73 og 229 datert 11.09.2013 som erstattar avtalen av 19.10.2012, godkjend i K-sak 56/13, om avståing av grunn til Campus Fosnavåg

Særutskrift:

- Anne- Marie Pettersen
- Assisterande rådmann
- Anleggs- og driftsavdelinga
- Utviklingsavdelinga
- Egedomsavdelinga
- Økonomiavdelinga

Vedlegg:

- Avtale datert 11.09.13 med vedlegg.

Saksutgreiing

I K-sak 56/13 vart det gjort slikt vedtak:

«1. Kommunestyret godkjenner

- Grunnavtale med eigarane av gnr. 37 bnr. 5 og gnr. 37 bnr 26.
- Grunnavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune datert 08.03.2013 om rett til å legge innfartsveg/sambindingsveg over gnr 37 bnr 335.
- Grunnavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune datert 08.03.2013 om avståing av nødvendig grunn til Campus Fosnavåg.
- Grunnavtale med eigaren av gnr 37 bnr 165 og 166 Leif Roar Tronstad.
- Grunnavtale med eigaren av gnr. 29 bnr. 73 og 229 Anne Marie Pettersen

2. Møre og Romsdal fylkeskommune og Leif Roar Tronstad får tilbod om å avstå grunn som er omfatta av avtalane til kr 187,50 per m2.

3. Kommunen dekkjer grunneigarane sine utgifter til advokatbistand i saka.

4. Grunnkjøpet vert finansiert av løyvingane til innfartsveg Fosnavåg/utbygging av Badeland.»

Denne saka gjeld ny avtale mellom Herøy kommune og Anne Marie Pettersen som erstattar avtalen datert 19.10.2012 om avståing av nødvendig grunn til Campus Fosnavåg godkjend i K-sak 56/13.

Avtalen av 19.10.2012 går ut på at Anne-Marie Pettersen får erstatninga for avstått grunn fastsett ved frivillig skjønn. På grunnlag av vedtaket i K-sak 56/13, sjå ovanfor, og K-sak 101/13 om ny avtale med Møre og Romsdal fylkeskommune om masseutskifting og grovplanering av arealet mellom Herøy vidaregåande skule og ny veg, er avtalen med Anne- Marie Pettersen reforhandla.

Det nye avtaleframlegget av 11.09.2013 går ut på at kommunen ervervar eit noko større areal enn det som opphavleg var planlagt. Dette legg til rette for at ein høg steinmur mot vegen kan erstattast med ei tilsådd skråning. Dette kan gje ei innsparing for prosjektet på ca. 300.000 kr.

Grunneigaren har akseptert ei erstatning på kr 187,50 pr m2. I tillegg skal det utbetalast ei ulempeserstatning på 50.000 kr.

I reguleringsplanen for området er eigedomen regulert til offentlig føremål. Det er ikkje konkrete planar om å innløyse eigedomen, men reguleringsplanen gir kommunen rett til slik innløyseing. Grunneigaren ynskjer å sikre seg at kommunen innløyser eigedomen når ho ikkje lenger ynskjer å bu i huset, då det kan vere vanskeleg å få selt ein eigedom som er regulert til offentlig føremål. Innløyseingssummen i pkt 6 er den same som kommunen innløyste naboeigedomen for i 2012.

Vurdering og konklusjon:

Den nye avtalen mellom Herøy kommune og Anne- Marie Pettersen medfører at det vert lagt til rette for at ein høg steinmur mot vegen kan erstattast med ei tilsådd skråning. Dette kan gje ei innsparing for prosjektet på ca. 300.000 kr.

Eg legg til grunn at den nye avtalen ikkje vil føre til vesentleg meirkostnad for kommunen enn om erstatninga skulle verte fastsett ved frivillig skjønn slik det var avtalt i førre avtale.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen kosekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 11.09.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

AVTALE

Om

Grunnkjøp/innløyising av eigedom
mellom

Herøy kommune (kjøpar)

og eigar av gnr. 29, bnr. 73 og gnr. 29, bnr 229 Anne Marie Pettersen (seljar).


1. Seljar sel og overdreg til kjøpar slikt areal som er avmerka på vedlagde kartutsnitt. Nøyaktige grenser for arealet vert avtalt mellom kjøpar og seljar ved utstikking i marka.
2. Kjøpesummen skal vere kr 187,50 pr. m2. I tillegg skal det utbetalast ei erstatning på kr 50.000 for arronderingsulemper og ulempene grunneigaren har hatt i anleggstida.
3. Kjøpar kan ta arealet i bruk straks og det skal betalast 4 % rente frå grunnen vert teken i bruk til utbetaling skjer.
4. Kjøpar vert ved avtalen gjeven rett og plikt til å søkje avtaleareala frådelte og klargjorde for overskøyting. Kjøpar dekkjer kostnadene ved dette og ein føreset at nødvendig frådeling vert gjort ved første høve.
5. Kjøpesummen forfell til kontant oppgjør mot skøyte klar for heftefri tinglysing. Den eksakte kjøpesummen vil følgje av storleiken på det arealet som no skal delast frå og seljast.
6. Når seljar ikkje lenger ynskjer å bu i huset, har kjøpar plikt til å innløyse eigedomen til ein pris fastsett til 2.160.000 kr indeksregulert frå 01.10.2013.


Fosnavåg *11.09*.....2013

Herøy kommune

Anne Marie Pettersen

Eigar av gnr. 29, bnr. 73 og 229



| | |
|---|-------------|
|  HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN | |
| Reg.nr. 2012/60 | Saksbeh. LR |
| 19 OKT. 2012 | |
| Ark.kode P L12 | |
| Ark.kode S | |
| J.nr. | Dok.nr. 28 |
| Kassasjon | |

AVTALE OM GRUNNAVSTÅING

1. Mellom Herøy kommune og eigar av gnr 29, bnr 73⁰⁹ 229 er det gjort avtale om avståing av nødvendig grunn til Campus Fosnavåg.
2. Denne avtalen byggjer på at utbygginga vert som vist på vedlagde kartutsnitt datert 25.05.2012.
3. Partane er samde om at prisen på areala som avtalen omfattar, skal fastsettast ved skjønn for Søre Sunnmøre tingrett. Herøy kommune vil krevje skjønn som skal haldast som rettsleg skjønn i samsvar med skjønnsprosesslova § 4 (avtaleskjønn). Skjønnet skal bygge på vanlege oreigningsrettslege prinsipp, også i saksomkostningsspørsmålet.
4. På bakgrunn av det som er nemnt ovanfor er partane samde om at Herøy kommune straks kan overta og tiltre nødvendig grunn til Campus Fosnavåg.
5. Herøy kommune kan med heimel i denne avtalen rekvirere delings- og oppmålingsforretning for dei areala som vert erverva. Kommunen dekkjer kostnadene i samband med frådelinga.

Stad:

Dato

Arne Marie Pettersen.

Eigar av gnr 29, bnr 73, 229

Herøy kommune

Delegasjonssaker frå avdelingane

DS 39/13 Søknad om endra opningstider / serveringsløyve 29.08.2013 00:00:00

DS 40/13 Søknad om endra skjenketider 29.08.2013 00:00:00

DS 41/13 Kjøp av tomt gnr 12 bnr 309 14.08.2013 00:00:00

DS 42/13 Kjøp av gnr 29 bnr 349 på Bergsøya 14.08.2013 00:00:00

Referatsaker

Referatsaker

Ordf.
FSK

| | |
|----------------------------|-------------|
| HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN | |
| Reg. nr. 2013/34 | Saksbeh. H2 |
| - 4 SEPT. 2013 | |
| Ark. kode P 033 | |
| Ark. kode S | |
| J. nr. | Dok. nr. 36 |
| Kassasjon | |

Ordfører Arnulf Goksøy
Pb. 274
6099 Herøy



Ålesund 30.08.2013

TV-AKSJONEN NRK NASJONALFORENINGEN FOR FOLKEHELSEN 2013 - OPPFORDRING TIL BIDRAG

Først og fremst ønsker jeg å takke Herøy kommune for støtte til TV-aksjonen NRK i fjor. Samarbeidet med Herøy kommune har lange tradisjoner og er avgjørende i mobiliseringen av innbyggerne til bøssebæring på aksjonsdagen 20. oktober. Jeg håper også at Herøy kommune vil gi et pengebidrag til TV-aksjonen NRK Nasjonalforeningen for folkehelsen 2013.

TV-aksjonen NRK 2013 går til Nasjonalforeningens arbeid med demens. Over 70 000 mennesker har i dag en demenssykdom, og det er ventet en fordobling de neste tiårene. Rundt 300 000 mennesker er nærmeste pårørende, og hele Norges befolkning er mer eller mindre berørt. Pengene fra aksjonen skal gå til forskning for å løse demensgåten, og dermed gi grunnlag for utvikling av medisiner og vaksiner. Tilbudet til demenssyke og deres pårørende skal styrkes, så de kan få flere gode dager. TV-aksjonen og pengene fra bøsseinnsamlingen skal også være med på å gi informasjon om sykdommen, slik at mytene knuses, kunnskapen økes og dermed gi et mer demensvennlig samfunn.

Slik bidrar dere

Pengene som bevilges kan settes inn på kontonummeret nedenfor. Beløpet vil synliggjøres på TV-sendingen 20. oktober. Dersom kommunen allerede har bevilget penger ber vi dere se bort fra denne henvendelsen.

For midler som bevilges kan følgende konto benyttes: **8380.08.09005**

Merk innbetalingen med kommunenavn og postnummer. Informasjon om bevilget beløp sendes til fylkesaksjonsleder så tidlig som mulig før aksjonsdagen 20. oktober, og helst innen 4. oktober. Dermed sikrer vi at beløpet blir med på oversikten for deres fylke på TV-aksjonssendingen.

Vi håper dere også i år ønsker å støtte årets TV-aksjon.

Med vennlig hilsen

Morten Oksavik

Morten Oksavik

Fylkesaksjonsleder Møre og Romsdal

TV-aksjonen NRK

moreogromsdal@tvaksjonen.no

Tlf 913 33 929

NOTAT

Til: Formannskapet

Frå: Økonomiavdelinga

Saksnr
2012/1014

Arkivkode
210

Dato
01.08.2013

BUDSJETTKONTROLL PER 30.06.2013

Grunna ferietid har budsjettrapportering for både mai og juni blitt mangelfull. I staden for å kjøyre ei ordinære budsjettkontroll per 30.06 vel vi å kome med litt orientering i eit eige notat. Dette er basert på tertialrapporten per 30.04, samt på tilbakemeldingar frå avdelingane per 31.05.2013 og 30.06.2013. I tillegg tek vi med faktorar som har oppstått etter 30.06.2013 og som på sikt får ein økonomisk konsekvens.

Gjennom budsjettkontrollane i februar, mars og april har det kome fram opplysningar som tyder på nokre avdelingar vil slite med å oppnå balanse mellom tildelte rammer og faktisk forbruk i 2013.

Vi kan her kort nemne:

- Avdeling for barn, familie og helse vil få ein sprekk på minimum 0,5 mill kr som gjeld Herøy legesenter. I tillegg har ein framleis ei utfordring når det gjeld vikarbruken ved legesenteret og kva dette kan utgjere av kostnader fram til årsskiftet er vanskeleg å talfeste.
- Avdelinga har fullt belegg på sjukeheimplassane. I tillegg er det sterkt press på heimetenesene både når det gjeld brukarar og kva tenester dei mottek. I nokre tilfeller må ein leige inn ekstra personell for å kunne gje eit forsvarleg hjelpetilbod. Samhandlingsreforma er ein av grunnane til at situasjonen har blitt slik den har blitt.
- Bu- og habiliteringsavdelinga har framleis ei utfordring når det gjeld overtidsbruken. På den positive sida kan ein nemne at statstilskotet for ressurskrevjande brukarar kan bli noko høgare enn budsjettert.
- Barnehageavdelinga er usikker på korleis resultatet vil bli for 2013. Utfordringa ligg i storleiken på dei kommunale tilskotta til dei private barnehagane i Herøy og Ulstein. Noko av meirkostnadane kan kanskje takast inn ved bruk av bundne fond.

- Utbyttet frå Tussa AS vart på beskjedne kr 2.000,- per aksje mot budsjettert kr 13.000,- per aksje. Det gjev ein inntektssvikt for Herøy kommune på om lag kr 5,6 mill kr.
- Avstemming mot kundereskontro NAV gjer at vi må avskrive ein del inntekter som vi har inntektsført tidlegare år. Totalt vil dette gjelde 0,5 – 0,6 mill kr og ramme dei fleste avdelingane.

Frå før veit ein at også skatteinntektene har svikta sett i høve til budsjettet. Juli såg lenge ut til å bli ein god skattemånad (iflg tilgjengelege rapportar i skatterekneskapen Sofie), men 2 august vart eit antiklimaks då prognosen vart nedjustert og vi får ein skattesvikt på i overkant av 1,0 mill kr sett i høve til budsjettet. Det gjer at skatteinntektene er om lag 11,5 mill lavare enn budsjettert ved utgangen av juli noko som skulle tilseie samla skatteinntekter i 2013 på høgde med det vi fekk i 2012. Tek ein omsyn til høgare rammetilskott enn budsjettert vil samla inntektsreduksjon her utgjere i overkant av 4,3 mill kr per 1. juli.

Det kan sjå ut til at renteinntektene, renteutgiftene og avdragskostnadane vil bli om lag som budsjettert. Avkastninga (ikkje realisert) når det det gjeld aktiv forvaltning er betre enn budsjettert og ved utgangen av juli ser inntektene her ut til å bli om lag 1,0 mill høgare enn budsjettert.

Ein av dei store usikre inntektspostane (i år som tidlegare år) er momskompensasjon investeringar. Vi har budsjettert med ei inntekt på 2,75 mill kr i 2013, men hittil er inntektene her beskjedne med om lag 0,5 mill kr.

Konklusjon

Ikkje dei store endringane i høve til budsjettkontrollen per 30.04.2013. Svikten i inntektene (skatt, ramme, aksjeutbytte) vil bli på i overkant av 10,0 mill kr, men ein håper at ein slepp overskridingar hjå avdelingane trass i at eit par avdelingar har varsla meirforbruk. Slik det ser ut per i dag vil ein bl.a. ikkje få meirforbruk på lønssida (samla sett) når ein tek omsyn til lønskostnadar og refusjon sjukelønn.

Med helsing

Geir Egil Olsen

ei-bátlengd bare



Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

NOTAT

Til: Formannskapet

Frå: Utviklingsavdelinga

Saksnr
2012/594

Arkivkode
Q12

Dato
22.07.2013

FV 654 SKARABAKKEN - UTBETRINGS- OG TRAFIKKTRYGGJINGSTILTAK.

Ein viser til tidlegare oversendt orienteringsnotat frå utviklingsavdelinga til kommunestyret om ovannemnde sak, datert 12.04.2013. Det vart her mellom anna vist til det som då låg føre som eit administrativt forslag til investeringsprogram for samferdselssektoren i Møre og Romsdal fylkeskommune for perioden 2014-2023 og der Skarabakken var oppsett som nytt prioritert tiltak nr. 6 etter 2023.

Det vart vidare orientert om at kommunen i forståing med Statens Vegvesen ville setje i gang arbeid med detaljprosjektering av eit utbetningsprosjekt for Skarabakken og at ein ville knyte til seg eit konsulentfirma med kompetanse innan vegplanlegging for utføring av dette arbeidet. Dette innebar i praksis at i alle høve planlegginga ville verte utført i kommunal regi og for kommunale kostnader.

Med basis i ovannemnde vart så det førebunde arbeidet oppstarta. Ein hadde først ein intern gjennomgang for å avklare rammer for og omfang av utbetningsarbeidet. Etter dette har saka vore drøfta med og det er innhenta pristilbod frå konsulent.

I møte den 29.05.2013 behandla fylkeskommunen sitt samferdselsutval investeringsprogrammet som vist til ovanfor. Det vart då mellom anna tilrådd at prosjektet Skarabakken skulle flyttast fram til 2017. Fylkestinget skal gjere det endelege vedtaket i oktober.

Eit vedtak i tråd med tilrådinga frå samferdselsutvalet vil innebere ei vesentleg endring av forutsetningane for prosjektet. Med relativt kort horisont fram til ei realisering av prosjektet vil det nemleg verte høgst aktuelt at det vert planlagt og gjennomført i regi av Statens Vegvesen. Med Skarabakken på prioritert liste vil det under alle omstende og om ønskjeleg ligge til rette for ei kommunal forskottering

dersom prosjektet framleis skal gå i kommunal regi. Sistnemnde vil då også omfatte kostnader knytta til planlegging/prosjektering.

Med tilvising til dei ovannemnde endra forutsetningane for utbetringa av Skarabaken er det såleis utviklingsavdelinga sitt råd at ein avventar den vidare framdrifta i prosjektet til investeringsprogrammet for Møre og Romsdal fylkeskommune er vedteke i Fylkestinget.

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Hallvard Rusten
Planleggar



NOTAT

Til: Formannskapet

Frå: Anlegg- og driftsavdelinga

Saksnr
2012/1980

Arkivkode
Q31

Dato
25.07.2013

BRU TIL HERØY GARD - ORIENTERINGS-/DRØFTINGSSAK.

Vedlegg

1. Kartutsnitt/situasjonsplan gammal og prosjektert bru
2. Referat frå møte den 16.10.2003 vedk. stålbru over til Herøy
3. Brev frå Statens Vegvesen av 26.04.2013

Brua til Herøy gard har i mange år vore moden for utskifting og har vore skilta stengd for anna enn gåande og lette køyrety. Dette er tungvint for enkelte brukarar og det kan nok tenkast at enkelte tyngre køyrety vert køyrde over trass i forbodet. Dette medfører stor fare og kan få katastrofale følgjer dersom brua skulle kollapse. Det er uvisst kva ansvar kommunen evt. vil bli tillagt dersom noko slikt skulle skje. Vert ikkje brua skifta innan rimeleg kort tid må ein vurdere å stenge brua fysisk slik at kun gåande kjem over.

Den 16.10.2003 vart det halde synfaring og møte med m.a. Statens Vegvesen vedk. bruk av gamle Vad bru som ny bru til Herøy gard. Sjå vedlagt kopi av referat frå møtet.

Det vart på denne bakgrunn gitt ei løyving på 350.000 kroner i 2005(?) til prosjektet. Av dette er det brukt vel 100.000 kroner til prosjektering m.m. Prosjekteringa tok lenger tid enn forventet og vart ikkje ferdigstilt før 2008 m.a. på grunn av venting på avklaringar/løyve frå vernemyndigheitene/Riksantikvaren. Prosjektet vart imidlertid ikkje gitt løyving før det i 2012-budsjette vart avsett 3 mill. kroner. Kapasitetsmangel og manglande avklaring med Statens Vegvesen gjorde at prosjektet ikkje vart starta i 2012 og løyvinga vart såleis vidareført til 2013.

Den 04.02.2013 lukkast det omsider å få til eit møte med Statens Vegvesen og den 15.02.2013 vart det halde synfaring på staden. Frå kommunen si side med sikte på å få siste avklaringar på plass før utlysing av prosjektet på anbod. Avtalen etter møte og synfaring var at Statens Vegvesen skulle kome med ei skriftleg attendemelding med oppsummering og vurderingar. Etter gjentekne purringar kom denne attendemeldinga i brev av 26.04.2013. Sjå vedlegg. Som det framgår av brevet og med bakgrunn i at det har teke så lang tid trekkjer Statens Vegvesen delvis attende tidlegare lovnader vedk. levering av brua på ferdige brukar. Statens Vegvesen vil berre bidra med overflatebehandling av brua

samt eit bidrag på 200.000 kroner til nytt tredekke. I så fall vil kommunen sjølv måtte stå for følgjande leveransar/arbeid

- kontroll av naglar, gjennomrekning og evt. naudsynte reparasjonar/forsterking for å sikre at brua held ønska styrke. Det har vore føresett Bk6(bruksklasse 6) dvs. 6 tonns akseltrykk
- levering og montering av tredekke med fråtrekk av eit tilskot på 200.000 kroner frå Statens Vegvesen
- flytting og montering av brua på brukara

Det er knytt stor usikkerheit til ovanstående strekpunkt både gjennomføringsmessig og økonomisk. Ein kan ikkje pårekne at nokon vil gi fast pris på noko av strekpunkta ovanfor. Når det gjeld strekpunkt to har ein fått trelasthandlar til å rekne på materialkostnaden og det er gitt eit estimat på vel kr. 360.000 kroner ekskl. mva. Dvs. minimum 200.000 kroner meir enn Statens Vegvesen foreslår som sitt bidrag.

Status/oppsummering:

- Til no er det brukt vel 100.000 kroner til prosjektering av ei løyving på 350.000 kroner som var gitt i 2005. Restløyving på om lag 250.000 kroner er ikkje vidareført.
- Tilgjengeleg løyving vidareført frå 2012 til 2013: 3 mill. kroner. Det er ikkje brukt nemneverdig av denne løyvinga. Bakgrunnen for denne løyvinga er eit kostnadsanslag der ein har føresett at dette skal vere nok midlar til brukar, vegtilkomst og grunnerv. Alle kostnader som kommunen evt. tek på seg med sjølve brua må ein såleis pårekne kjem i tillegg til løyvinga på 3 mill. kroner.
- Grunnerv er ikkje gjennomført pr. i dag.

Pga. ovanstående er administrasjonen i tvil om kva ein skal gjere vidare. Slik ein no vurderer situasjonen så kan ein ikkje unnlate å vurdere andre alternative løysingar. Det vil imidlertid m.a. medføre ytterlegare prosjekteringskostnader, ny avklaringsrunde med vernemyndigheitene og usikkerheit med omsyn til endeleg kostnad og ferdigstillingstidspunkt.

Ulike alternativ:

1. Forsterke eksisterande fundament og bru. Dette vil vere det rimelegaste alternativet, men ein oppnår ikkje målsetjinga om å få brua lenger bort frå sjøbuda og landingsvoren. Verneinteressene vil sikkert ha innvendingar, men vil truleg ikkje kunne stanse ei slik løysing.
2. Bruk av gamle Vad bru som prosjektert. Dette alternativet vurderer ein som mest usikkert med omsyn til kostnad dersom kommunen i store trekk må ta heile kostnaden med brukonstruksjonen.
3. Andre alternativ til brukonstruksjon på prosjekterte brukar. Kostnaden vil kunne fastsetjast rimeleg korrekt før oppstart, men om det vert rimelegare enn alt. 2 er umogleg å sei.

Med bakgrunn i ovanstående ønskjer administrasjonen at saka vert drøfta med sikte på ein konklusjon med omsyn til "vegen vidare".


Med helsing

Erlend Krumsvik

Jon Rune Våge



Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no



NOTAT

Til: Formannskapet

Frå: Utviklingsavdelinga

Saksnr
2012/10

Arkivkode
L12

Dato
09.09.2013

REGULERINGSPLAN TORSETHØGDA - "KALVENESET"- ORIENTERING OM FRAMDRIFT

Etter samtale i dag kan Agnethe Helen Grønvik, Statens vegvesen sin byggeleder for prosjektet, opplyse følgende:

Bevilgning til prosjektet er på 21,7 millioner kroner. Etter at prosjektet er detaljprosjektert er kostnaden auka til 30 millioner kroner, i etterkant er prosjektet nedkalkulert til 28 millioner kroner.

Prosjektet sin størrelse går ut over bevilga ramme og Statens vegvesen har bedt om auka ramme frå fylkeskommunen. Vegvesenet har fått lovnad på at svar om auka bevilgning skal kome tidleg i oktober månad 2013.

Under forutsetning at prosjektet er finansiert ser vegvesenet det slik at ein vil lyse ut prosjektet i oktober 2013 og inngå kontrakter før jul 2013. Sjølve byggeprosjektet kan ta til tidleg på nyåret.

Dette til orientering.

Med helsing

Jarl Martin Møller

